



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	03.12.2020
Tid:	14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/20 GK 10/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.10.2020	2020/86	
Politiske saker			
PS 39/20	Informasjon om saksfeltet IKT og GDPR	2019/133	
PS 40/20	KPMG presenterer interimisrevisjonsrapport for 2020.	2019/132	
PS 41/20	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga	2019/132	
PS 42/20	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 43/20	Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene	2018/77	
PS 44/20	Kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune	2020/201	
PS 45/20	Møteplan 2021 for kontrollutvalet	2020/81	
PS 46/20	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 47/20	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 21/20	KPMG revidert prosjektplan beredskap (oppstart bestilt 23.11.20)	2020/190	
RS 22/20	Fylkesmannen i Vestland - Avslutning av tilsyn (Vaksenopplæring)	2019/129	
RS 23/20	KMD - Svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2019/132	
RS 24/20	KMD - Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolking av KL § 23-5	2019/140	
RS 25/20	FKT medlemsinfo november 2020	2019/13	
RS 26/20	Samarbeidsrådet for Sunnhordland - referat frå møte 16.10.20	2017/36	
Politiske saker			
PS 48/20	Vurdering av revisjonsordning for Stord kommune	2016/103	

Godkjenningssaker

GK 9/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-20
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	10/20	03.12.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.10.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.10.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen, Stord rådhus
Dato:	15.10.2020
Tid:	14:00 - 17.45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP
Astrid-Cecilie F.	Medlem	AP
Aleksandersen		
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Namn	Stilling
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr.utv.
Magnus Mjør	Rådmann, sak PS 31/20
Willy Hauge	Partner i KPMG AS. Til og med sak PS 35/20.
Magnus Heggen	Forvaltningsrevisor i KPMG AS. Til og med sak PS 35/20.

Fredrik Litleskare utvalsleiar	Hogne Haktorson utvalssekretær
-----------------------------------	-----------------------------------

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 08.09.2020	2020/86	
Politiske saker			
PS 31/20	Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 32/20	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga	2019/132	
PS 33/20	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 34/20	Bestilling	2019/133	
PS 35/20	Reglement for kontrollutvalet	2020/160	
PS 36/20	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 37/20	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 15/20	KST 24.09.20 - PS 53_20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020_2024	2019/133	
RS 16/20	KST 24.09.20 - PS 54_20 Plan for eigarskapskontroll 2020_2024	2019/134	
RS 17/20	KST 24.09.20 - PS 55_20 Ekstern revisor ny konkurranse	2014/302	
RS 18/20	Informasjon om utvalet si rolle i kommunestyret - 17.12.20	2019/141	
RS 19/20	Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter.	2019/13	
RS 20/20	FKT - medlemsinformasjon september 2020	2019/13	
PS 38/20	Politiske saker		
	Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag	2014/302	

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 8/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 08.09.2020

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokoll frå møte 08.09.20.

Vedtak

Protokoll frå møte 08.09.20. vart godkjent.

Politiske saker

PS 31/20 Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon. Utvalet ber om ny tilbakemelding til første kontrollutvalsmøte i 2021, med slike opplysningar:

1. Informasjon om kontakt med Sameige Leirvik Brygge i etterkant av kontrollutvalet si handsaming av saka 08.09.20 og 15.10.20, vedlagt evt. skriftleg korrespondanse.
2. Kva koordineringsrutinar kommunen legg opp til i det vidare arbeidet.
3. Informasjon om korleis utarbeidd støyrapport ved Natrutekaien er blitt brukt / vil bli brukt.
4. Status i arbeidet med landstraumanlegg på Natrutekaien.
5. Status i arbeidet med hamneplanen.

Svar på punkta over vert å senda til sekretariatet innan 3 veker før møtedato.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmann Magnus Mjør gav munnleg orientering i saka, og utvalsmedlemmane stilte spørsmål som vart svara på.

Notatar frå orienteringa / svar på spørsmål.

- Arbeid med hamneplan er kome lenger enn då utvalet hadde møte primo september d.å.
- Lei for at spørsmål ikkje har blitt svart ut tidlegare. Forvaltningsmessig har det «falle litt mellom fleire stolar».
- Interessekonflikt i området. Det kan vera delt ansvar blant fleire. Støy var og eit problem då bygningane vart sett opp.
- Landstraumanlegg kjem. Ikkje heimel for å bruka det, men incitament kan nyttast. I gitte tilfeller kan det anvisast plass blant tilgjengelege hamner, td. Eldøyane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon. Utvalet ber om ny tilbakemelding til første kontrollutvalsmøte i 2021, med slike opplysningar:

1. Informasjon om kontakt med Sameige Leirvik Brygge i etterkant av kontrollutvalet si handsaming av saka 08.09.20 og 15.10.20, vedlagt evt. skriftleg korrespondanse.
2. Kva koordineringsrutinar kommunen legg opp til i det vidare arbeidet.
3. Informasjon om korleis utarbeidd støyrapport ved Natrutekaien er blitt brukt / vil bli brukt.
4. Status i arbeidet med landstraumanlegg på Natrutekaien.
5. Status i arbeidet med hamneplanen.

Svar på punkta over vert å senda til sekretariatet innan 3 veker før møtedato.

PS 32/20 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Sekretariatet fortalde innleiingsvis om nytt krav i ny kommunelov om forenkla etterlevingskontroll, jmf. kommunelova § 24-9.

Partner i KPMG Willy Hauge orienterte om at det ikkje er klart noko produkt enno, men gav ein presentasjon av tenkt arbeid med risiko og vesentlegvurdering relatert til forenkla etterlevingskontroll. Etterlevingskontroll er årleg, og her er krav til moderat sikkerhet ift uttale som vert gjeven.

Dette er ikkje inkludert i fastprisavtale etter gjeldande kontrakt med revisjonen. Sekretariatet nemnte forslag om å innarbeida det i komande kontraktsperiode.

I etterfølgande samtale kom dette fram om milepeler vidare på området / tilgrensande områder.

Kontrollutvalsmøte 03.12.20. (Leveringsfrist til sekretariatet 16.11.20.)

- Uttale frå revisor om etterlevingskontroll (nasjonal frist 30. juni, men 15. sept. i 2020 grunna korona-situasjonen)
- Interimsrevisjonsrapport
- Drøfting mellom kontrollutval og revisor rundt Risiko og vesentlegvurdering vedr. etterlevingskontroll som skal leverast i 2020.

Første kontrollutvalsmøte i 2021. (Leveringsfrist til sekretariatet 3 veker før)

- Sak om Risiko og vesentlegvurdering vedr. etterlevingskontroll som skal leverast i 2020.

Kontrollutvalsmøte anslagsvis medio mai 2021. (Leveringsfrist til sekretariatet 3 veker før)

- Utvalet ønskjer at rapport / uttale levert i 2021 er klar samstundes som årsrekneskapen kjem opp i kontrollutvalet i mai 2021. Revisor støtta og det forslaget.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, og ser fram til handsaming i neste møte ift. dei tre kulepunkta nemnt under handsaming i møte.

PS 33/20 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Magnus Heggen orienterte om status gjeldande forvaltningsrevisjonen.

Endeleg rapport kjem opp til handsaming i kontrollutvalsmøte 03.12.20.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 34/20 Bestilling

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 29.10.2020.
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Før godkjenning får utvalsmedlemmane høve til å koma med merknader til prosjektplanen, med relativt kort svarfrist.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalsleiar orienterte om at formannskapet hadde oppe sak PS 67/2020 - Budsjettrevisjon 2. tertial 2020 i møte 14.10.20. Rådmannen fortalde, då han var innom utvalet i anna sak, at formannskapet innstilte på at kontrollutvalet får styrka budsjettet med kr. 280.000 for 2020.

Stian Djuvsland stilte spørsmål om sin habilitet, ettersom han jobbmessig har forretningsområde inn mot tenesteområdet kommunestyret har sett opp øverst på prioritert liste over framtidige forvaltningsrevisjonar.

Dei øvrige 4 medlemmane gjorde samrøystes vedtak om at han er habil i dette møtet.

Kontrollutvalet gjekk inn for at neste forvaltningsrevisjon omhandlar Beredskap; hendingar og katastrofar

Utvalet gav ikkje føringar utover det som kjem fram i føreliggande «Risiko- og vesentlegvurdering» og «Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024».

Vedr. innspel frå administrasjonen om GDPR / IKT, vert det vist til sak PS 37/20 Eventuelt.

Forslag til vedtak, inkl. val av prosjekt i pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan beredskap, jmf. prioritert prosjekt nr. 1 i Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024.
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 29.10.2020.
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Før godkjenning får utvalsmedlemmane høve til å koma med merknader til prosjektplanen, med relativt kort svarfrist.

PS 35/20 Reglement for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tilrår at utkast til reglement for kontrollutvalet vert innarbeidd i det politiske reglementet til Stord kommune.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalsleiar orienterte om opphavet til saka.

Sekretariatet orienterte om tilrådde endringar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tilrår at utkast til reglement for kontrollutvalet vert innarbeidd i det politiske reglementet til Stord kommune.

PS 36/20 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det var gjennomgang av møteprotokollar, med unntak av Utval for plan og utvikling sitt møte 01.10.20,. Denne møteprotokollen vert gjennomgått i neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 37/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsområde IKT og GDPR.

Kontrollutvalet vart førelagt epost av 30.09.20 frå controller, om forvaltningsområde IKT og GDPR.

Utvalet ønske ikkje å integrera nye moment i bestilling av ny forvaltningsrevisjon om beredskap mv., jmf. sak PS 34/20, men ønske meir informasjon om saksfeltet IKT og GDPR på neste utvalsmøte.

Anna informasjon

Sekretariatet orienterte om status vedr. fakturering frå KPMG, omtalt i sak PS 19/20 i møte 08.09.20.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Forvaltningsområde IKT og GDPR.

Kontrollutvalet ber administrasjonen informera utvalet munnleg på møte 03.12.20 om saksfeltet IKT og GDRP, og utfordringar på området.

Referatsaker

RS 15/20 KST 24.09.20 - PS 53_20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020_2024

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 16/20 KST 24.09.20 - PS 54_20 Plan for eigarskapskontroll 2020_2024

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 17/20 KST 24.09.20 - PS 55_20 Ekstern revisor ny konkurranse

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 18/20 Informasjon om utvalet si rolle i kommunestyret - 17.12.20

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 19/20 Svar fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal på spørsmål om revisor kan delta digitalt på kontrollutvalgets møter.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 20/20 FKT - medlemsinformasjon september 2020

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Politiske saker

PS 38/20 Ekstern revisor ny konkurranse - forslag til konkurransegrunnlag

Forslag til vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Saksprotokoll 15.10.2020 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje til stades ved handsaming av denne saka

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 2. lekk, 2. punktum.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang av konkurransegrunnlaget i møtet. Sekretariatet orienterte kort om konkurransegrunnlaget for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Framlegg til konkurransegrunnlag, med dei endringar som kom fram i møtet, vert vedteke
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

Politiske saker

PS 39/20 Informasjon om saksfeltet IKT og GDPR



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/133-29
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	39/20	03.12.2020

Informasjon om saksfeltet IKT og GDPR

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering

Samandrag

Kontrollutvalet har invitert administrasjonen i Stord kommune til møtet for å orientera om saksfeltet IKT og GDPR. På bakgrunn av informasjonen, må utvalet vurdere om det er noko her ein vil følgja opp vidare, og i tilfelle når og på kva delområde. Alternativt kan utvalet merka seg den informasjonen som vert gjeven, og ta denne til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På kontrollutvalet sitt møte 15.10.20 var det oppe sak PS 34/20 om bestilling av forvaltningsrevisjon, og utvalet avgjorde at neste forvaltningsrevisjon skulle omhandla beredskap, jmf. prioritert prosjekt nr. 1 i Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024.

I saksframlegget til denne saka vart omtalt eit innspel frå administrasjonen i Stord kommune om tilleggselement som kunne vera interessant å få belyst dersom utvalet gjekk for dette prosjektet.

I protokollen, under handsaming i møte, kjem bl.a. dette fram:

«... Vedr. innspel frå administrasjonen om GDPR / IKT, vert det vist til sak PS 37/20 Eventuelt...»

Under sak PS 37/20 Eventuelt er dette protokollert:

*Forvaltningsområde IKT og GDPR.
Kontrollutvalet vart førelagt epost av 30.09.20 frå controller, om forvaltningsområde IKT og GDPR.
Utvalet ønskte ikkje å integrera nye moment i bestilling av ny forvaltningsrevisjon om beredskap mv., jmf. sak PS 34/20, men ønskte meir informasjon om saksfeltet IKT og GDPR på neste utvalsmøte.*

Det er stadfesta at IKT sjef Gisle Østrem og controller Iren Dyrseth møter i kontrollutvalsmøte 03.12.20 for å gje slik informasjon.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I saksframlegg til utvalet sitt møte 15.10.20, sak PS 34/20, var det med slik informasjon:

«E Innspel frå administrasjonen.

Frå administrasjonen er det kome innspel med ønskje om at kontrollutvalet innunder beredskap kan ta med IKT revisjon, ettersom det er 13 år sidan det var ein IKT revisjon i Stord kommune. Viser til vedlagt epost med kommunikasjon mellom controller og einingsleiar IKT. Eg oppfatta i telefonsamtale med controller at rådmannen også er orientert.

Refleksjonar rundt innspel frå administrasjonen.

- *Sekretariatet har fleire gonger fått konstruktive innspel frå administrasjonen i kommunar / fylkeskommunar der me har vore sekretariat for kontrollutvalet.*
- *Det beste hadde vore om innspelet kom tydeleg fram i workshop som KPMG hadde med administrasjonen, nær opp til kontrollutvalet sitt møte i mars 2020, som del av prosessen med plan for forvaltningsrevisjon.*
- *På andre sida skal ein ikkje vera så rigid at ein ikkje kan lytta til innspel.*
- *Her har tanken om IKT revisjon blitt aktualisert gjennom invitasjon frå Digi Vestland / Bergen kommune av sept. 2020 om å vera med på IT sikkerhetsrevisjon, samstundes som ein har tenkt at eige kontrollutval står for forvaltningsrevisjonar. Invitasjonen er vedlagt.*
- *Sekretariatet har spurt kva administrasjonen såg for seg at kunne vera av interesse å få undersøkt. Her framkjem ein del tankar i vedlagt e-post, herunder om fire nivå for GDPR - styrande, kontrollerande, gjennomførande og dagleg.*
- *Det føreligg og fleire dokument tilbake til 2008 som vart for omfattande å leggja inn i denne saka. Dei omhandlar handsaming i formannskapet, handsaming i kommunestyret og*

oppfølging i etterkant frå administrasjonen si side. Den som er særleg interessert i dette materialet kan kontakta sekretariatet, og vil då få det tilsendt særskilt.

Dersom kontrollutvalet går for ein forvaltningsrevisjon om beredskap mv., må ein og vurdere om denne skal ha eit tilleggselement ut frå administrasjonen sitt innspel / dreiest i den retning.»

Om noko vil sjå på vedlegga som er omtalt overfor, er dei å finna i innkalling til kontrollutvalet sitt møte 15.10.20, sak PS 34/20.

Det kan elles opplysast om at førre kontrollutval fekk orientering nokre gonger om kommunen sitt arbeid med GDPR, sist i møte 10.09.18, sak PS 36/18, der dette vart vedteke:

«Kontrollutvalet takkar for informasjonen, og ønskjer lukke til med det kontinuerlege arbeidet vidare relatert til styring, kontroll og prosedyrar.»

Forøvrig kan nemnast at prosjektplan om beredskap ligg som vedlegg til dette møtet. Her kan ein sjå korleis problemstillingane til forvaltningsrevisjon om beredskap vart utforma til slutt.

Konklusjon

På bakgrunn av informasjonen, må utvalet vurdere om det er noko her ein vil følgja opp vidare, og i tilfelle når og på kva delområde. Alternativt kan utvalet merka seg den informasjonen som vert gjeven, og ta denne til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-49
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	40/20	03.12.2020

KPMG presenterer interimisrevisjonsrapport for 2020.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimisrevisjon 2020 frå KPMG AS til orientering

Samandrag

I denne saka vil KPMG AS presentera oppsummering av arbeidet med interimisrevisjonen 2020. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vera ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskap vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stord kommune - oppsummering etter interim 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i kommunane har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon, jf. kommunelova § 23-2 Kontrollutvalets ansvar og myndigheit, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaperen vert revidert på ein trygg måte og halde seg orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresettt gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Interimsrevisjonsrapporten bygger på revisjonsplan for 2020 frå KPMG AS, som vart presentert for kontrollutvalet 08.09.2020.

I dette møtet vil KPMG AS presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Dette vil, til liks med presentasjon av revisjonsplanen, vere ein lekk i å sjå til at kommunen sine rekneskaper vert revidert og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva som skal vere med.

Oppsummering av interimsrevisjonsarbeidet ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek oppsummeringa etter interimsrevisjon 2020 frå KPMG AS til orientering.



Stord kommune 2020

Oppsummering etter interimrevisjon

Innhold

Innhold

Status etter interim	3
Fokusområde for 2019 revisjonen	4
Observasjonar intern kontroll	5




Status etter interim

- Vi har utført planleggingshandlingar i samsvar med revisjonsplanen.
- Vi har gjennomgått kjerneprosessar saman med nøkkelpersonell innanfor ulike driftsinntekter, lønsutgifter, innkjøp og bank.
- Vi har gjennomgått transaksjonsflyt og internkontroll i kjerneprosessar
- Vi har identifisert fokus-/risikoområde som vil krevje oppfølging fram mot årsslutt (sjå eige ark).

Fokusområde - finansrekneskapsen

Kommunen har fleire ulike operasjonelle risikoar. I revisjonen har vi fokus på dei tilhøve som potensielt kan påverke postar i årsrekneskapsen.

Misligheter dukkar stadig opp i media; det viktigaste er eit godt kontrollmiljø.



Observasjonar intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding
Lønn – endring av lønnsdata	Samtlige tilsette på lønnsavdelinga har tilgang til å endre lønnsdata, dvs. at dei har tilgang til systemet og kan endre satsar, kontonummer og andre lønnsdata.	Feil grunnlag for lønnsutbetalingar til tilsette og uautoriserte endringar av lønnsdata.	Vi vil tilrå at kommunen etablerer rutinar som gjer at endringar må godkjennast av ein annan enn den som gjer sjølve endringa i systemet. Eit anna alternativ er å avgrense talet på tilgangar. Vi tilrår kommunen å sjå på loggar over endringar, for å avdekke om nokon kan ha gjort uautoriserte endringar.
Rekneskap – endring av faste data	Fleire tilsette kan endre faste data i rekneskapssystemet uten etterkontroll.	Feil i grunndata, bevisst eller ubevisst. Det aukar risikoen for at nokon kan legge til nye leverandørar og endre kontonummer i reskontro etc. Manglende etterkontroll medfører risiko for feil eller mislegheiter. Risikoen vert redusert ved at alle utbetalingar skal godkjennast av to ulike personar.	Vi tilrår at talet personar med tilgang til å endre faste data vert redusert. Det kan f.eks. etablerast nokon superbrukarar med ansvar for å vedlikehalde «masterdata», og at alle endringar av faste data må gjerast av desse, eller godkjennast av desse. Vi tilrår at det som eit minimum vert etablert rutine for etterkontroll av endringar av faste data. Kommunens administrasjon informerer om at Agresso har for få roller, slik at dei med roller får alt eller ingenting.

Observasjoner intern kontroll

Område	Observasjon	Risiko	Tilråding
Lønn – Innberetning forsikring	Kommunen dekker forsikring som ikkje er lovpålagt. Desse skal innberettast som fordel for den tilsette. Det er avdekket tilsette som ikkje er innberetta for denne fordelen.	Feil skattetrekk på den tilsette det gjeld og feil grunnlag for arbeidsgjevaravgift.	Opprette rutine som påser at innmelding i forsikringsordning ved tilsetjing medfører innberetning av fordel, og det same for endringar i den tilsette si stilling.



kpmg.com/socialmedia



kpmg.com/app



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International Cooperative (“KPMG International”), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavor to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/132-50
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	41/20	03.12.2020

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar attestasjonsuttale og nummerert brev til orientering.
2. Utvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om korleis han har tenkt å følgja opp tilrådingane som følgjer av attestasjonsuttale og nummerert brev.

Samandrag

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal den valde revisor, KPMG, gje informasjon om forenkla etterlevingskontroll, jmf. kommunelova § 24-9.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga - revisjonsberetning
- 2 Nummerert brev - brev til leiinga nr. 4

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Denne saka er ein lekk i oppfølginga av dette, og har særleg fokus på kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Det er eit nytt punkt som kom inn i kommunelova av 2018.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet fekk informasjon frå KPMG om planar relatert til forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i møte 15.10.20, samt at denne var blitt forseinka, jmf. nasjonal frist 30. juni som seinare vart utsett til 15. september for 2020, grunna korona-situasjonen.

Til dette møtet føreligg både attestasjonsuttale og nummerert brev:

Attestasjonsoppdraget vert gjeve med moderat sikkerhet, og det går fram at dette området er valt: *«Etterlevelse av lov om offentlige anskaffelser § 4 om konkurranse og forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften) del I §7-1 om dokumentasjon av anskaffelsesprosessen. Kontrollen er begrenset til enkeltanskaffelser bokført i driftsregnskapet i 2019 hvor det foreligger minst en faktura fra leverandør på over kr 100 000, begrenset til 13 enkeltanskaffelser. Det presiseres at kontrollen er begrenset til å vurdere oppfyllelse av konkurransekrev og arkiveringskrev, og ikke er en kontroll av om kjøpet generelt følger kravene i*

anskaffelsesforskriften.»

KPMG kom til slik konklusjon

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene om forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen (kommunelovens § 24-9).»

KPMG oppsummerte og «andre forhold», som er verdt å merke seg:

«Kontrollen av enkeltanskaffelser viser at det mangler arkivert anskaffelsesprotokoll for 3 av 14 kontroller som er gjennomført. I tillegg får vi opplyst at det ikke er gjennomført konkurranse for 3 av 14 anskaffelser.»

Nummerert brev (brev til ledelsen nr 4) fortel meir om kva funn som er gjort, og avsluttast slik:

«På bakgrunn av funnene har vi funnet at vi kan konkludere men presisere i avsnitt andre forhold at det er enkeltanskaffelser som ikke er konkurranseutsatt og/eller mangler arkivert anskaffelsesprotokoll.

Vi anbefaler at det iverksettes tiltak - opplæring og kontroll - på området, især knyttet til når det er anledning til direkteanskaffelser og krav til protokoll også ved direkteanskaffelser.»

På bakgrunn av desse funna tilrår sekretariatet at kontrollutvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om korleis han har tenkt å følgja opp tilrådingane som følgjer av attestasjonsuttale og nummerert brev.

For ordens skuld vert merka at vedlegga i saka burde vore på nynorsk, jmf. avtale mellom Stord kommune og revisor.

Konklusjon

På bakgrunn av funn i KPMG sin gjennomgang, tilrår sekretariatet at kontrollutvalet inviterer rådmannen inn i første møte i 2021 for å orientera om korleis han har tenkt å følgja opp tilrådingane som følgjer av attestasjonsuttale og nummerert brev.

Til Kontrollutvalget i Stord kommune

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen i Stord kommune

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stord kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Etterlevelse av lov om offentlige anskaffelser § 4 om konkurranse og forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften) del I §7-1 om dokumentasjon av anskaffelsesprosessen. Kontrollen er begrenset til enkeltanskaffelser bokført i driftsregnskapet i 2019 hvor det foreligger minst en faktura fra leverandør på over kr 100 000, begrenset til 13 enkeltanskaffelser. Det presiseres at kontrollen er begrenset til å vurdere oppfyllelse av konkurransekra og arkiveringskrav, og ikke er en kontroll av om kjøpet generelt følger kravene i anskaffelsesforskriften.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi er uavhengige av kommunen i overensstemmelse med lov og forskrift og Code of Ethics for Professional Accountants (IESBA Code) og med de etiske kravene som er relevante for vårt oppdrag, og vi har oppfylt våre etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og IESBA Code. Vi anvender ISQC 1 [NORSK] – Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester og opprettholder et omfattende system for kvalitetskontroll inkludert dokumenterte retningslinjer og prosedyrer vedrørende etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og gjeldende lovmessige og regulatoriske krav.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelsesk kontroll. Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene avhenger av revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stord kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene om forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen (kommunelovens § 24-9).

Andre forhold

Kontrollen av enkeltanskaffelser viser at det mangler arkivert anskaffelsesprotokoll for 3 av 14 kontroller som er gjennomført. I tillegg får vi opplyst at det ikke er gjennomført konkurranse for 3 av 14 anskaffelser.

Begrensning i bruk

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Stord kommunes informasjon, og skal ikke brukes til noe annet formål.

Stord, 16. november 2020
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2020-11-16 10:37:19Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



KPMG AS
Sæ 136
N-5417 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Stord kommune
Kontrollutvalget

Deres ref

Vår ref

Kopi: Rådmann

16. november 2020

Forenklet etterlevelseskontroll 2019 - Brev til ledelsen nr 4

I forbindelse med innføring av ny kommunelov kom det en ny bestemmelse om forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltningen (kommunelovens § 24-9). Denne er nå gjennomført og vi har sett forhold vi ønsker å ta opp i form av nummerert brev.

Forenklet etterlevelseskontroll av økonomiforvaltning skal utføres av regnskapsrevisor, bygge på en risiko og vesentlighetsvurdering og vi skal gi en uttalelse med moderat sikkerhet. Det skal være begrenset ressursbruk sammenlignet med regnskapsrevisjonen for øvrig og det skal være objektive kriterier. Kontrollen vil derfor avgrenses i forhold til dette.

I vurdering av risiko- og vesentlighet og valg av områder for kontroll bygge på sin kunnskap om kommunen og vurdere:

- Er det områder i regnskapsrevisjonen som er definert med lav risiko som etter standard for forenklet etterlevelseskontroll likevel bør sees på?
- Er det gjennom arbeidet med overordnet analyse og vurderinger av områder for forvaltningsrevisjoner indikasjoner på områder med forhøyet risiko som regnskapsrevisor kan dekke med forenklet etterlevelseskontroll
- Er det områder administrasjonen eller kontrollutvalg mener det er økt risiko
- Generell erfaring med feil og svakheter fra tidligere
- Erfaring fra andre kommuner

Etttersom det er en ny bestemmelse fra 2020, har det ikke vært lagt frem noen eksplisitt risikovurdering for kontrollutvalg, eller diskutert i særlig grad med administrasjonen. Vår risikovurdering er derfor basert på erfaringer og observasjoner fra Stord og fra andre kommuner.

Anskaffelsesreglene er en av de mest sentrale sidene ved økonomiforvaltningen i offentlig sektor. Regelverket skal blant annet bidra til effektiv ressursbruk ved konkurranse, forhindre korrupsjon og bidra til innovasjon innen forskjellige områder. Et enkelt søk på KOFA viser at det i 2019 var 53 saker der KOFA konkluderte med brudd på regelverket. Stord kommune sitt driftsregnskap viser kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal tjenesteproduksjon på 159 MNOK, og kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon på 243 MNOK. Det foretas med andre ord mange anskaffelser, og

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

KPMG Confidential

Offices in:

Oslo	Elverum	Molde	Straume
Alta	Finnsnes	Tromsø	Tynset
Arendal	Hamar	Trondheim	Ulstevik
Bergen	Karmøy	Skien	Sandefjord
Bodø	Knarvik	Sandnessjøen	Alesund
Bryne	Kristiansand	Stavanger	
Drammen	Mo i Rana	Stord	

etter vår vurdering er det et område med vesentlig risiko for kommunen. Området ble således plukket ut for nærmere kontroll av etterlevelse av rutinene og regelverket.

Nærmere om gjennomføring av kontrollen

Etter lov om offentlige anskaffelser § 4 skal kommunen opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvnbarhet og forholdsmessighet. Dvs at for anskaffelser over kr 100 000 skal kommunen ha særskilt hjemmel for en anskaffelse rett fra leverandør uten konkurranse. Om en anskaffelse er konkurranseutsatt er derfor første kriterium i vår vurdering.

Etter anskaffelsesforskriften §7-1 skal alle vesentlige forhold for gjennomføring av anskaffelsene nedtegnes eller samles i en protokoll. Dette gjelder alle anskaffelser som er omfattet av regelverket, dvs anskaffelser over kr 100 000. Kriteriet vi vurderte opp mot er derfor om det foreligger en protokoll for anskaffelsene.

Gjennom tidligere revisjoner har vi i hovedsak foretatt avgrensede kontroll i forhold til investeringer. I denne kontrollen valgte vi derfor å fokusere på anskaffelser i drift. Vi hentet ut oversikt over anskaffelser/kjøp i 2019 i driftsregnskapet, og plukket ut 16 anskaffelser over kr 100 000, fordelt på forskjellige ansvar/enheter, og ba om å få en tilbakemelding på

- hva anskaffelsen gjaldt
- hvorvidt den inngikk en rammeavtale
- om anskaffelsen var konkurranseutsatt og evt begrunnelse for manglende konkurranse
- samt å få oversendt protokoll for anskaffelsen

3 anskaffelser er utført i samarbeid med andre, og disse protokollene er også kontrollert.

Konkurransekriteriet

Tilbakemelding fra administrasjonen viste at 3 av 14 anskaffelser ikke var konkurranseutsatt. Dette inkluderer to anskaffelser hvor det fremmes at det kun fantes en leverandør man kunne bruke. Det er sagt i veileder til anskaffelsesreglene at det skal svært mye til for å klare å dokumentere at det bare finnes en leverandør.

Protokollkriteriet

Tilbakemelding fra administrasjonen viste at 7 av 14 anskaffelser ikke hadde protokoll tilgjengelig. Av disse er det opplyst at 1 er konkurranseutsatt samt 3 har rammeavtale til grunn. Vi har mottatt dokumentasjon på dette, og etter vår vurdering er det sannsynlig at man kunne sammenstilt dokumentasjon til en protokoll. Det er 3 anskaffelser som ikke er konkurranseutsatt – og her er det ikke nedtegnet en protokoll.

Etter anskaffelsesforskriften § 7-1 skal vesentlige forhold ved gjennomføring av anskaffelse nedtegnes. En beslutning om å foreta en direkteanskaffelse må anses som en vesentlig beslutning. Etter vår vurdering fremstår det basert på utvalget vårt som systematisk at beslutninger om direkte anskaffelser ikke begrunnes og nedtegnes i protokoll.

På bakgrunn av funnene har vi funnet at vi kan konkludere men presisere i avsnitt andre forhold at det er enkeltanskaffelser som ikke er konkurranseutsatt og/eller mangler arkivert anskaffelsesprotokoll. Vi anbefaler at det iverksettes tiltak – opplæring og kontroll – på området, især knyttet til når det er anledning til direkteanskaffelser og krav til protokoll også ved direkteanskaffelser.



Vennlig hilsen
for KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Willy Hauge

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1629898

IP: 80.232.xxx.xxx

2020-11-16 10:37:19Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/98-38
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	42/20	03.12.2020

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få informasjon om kor langt KPMG er kome i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen. Eigentleg skulle forvaltningsrevisjonsrapporten vore klar til dette møtet, men KPMG orienterer om at den er blitt forseinka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune tok initiativ til å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet inviterte samstundes dei samarbeidande kommunane til å vera med på å ha ein sams forvaltningsrevisjon. Det gjeld då desse kommunane, i alfabetisk rekkefølge:

- Bømlo kommune
- Etne kommune
- Fitjar kommune
- Kvinnherad kommune
- Stord kommune
- Sveio kommune

Alle kommunane har takka ja til å vera med på sin andel, der grunnsum utgjer 50% med lik sum pr. kommune, medan øvrige 50% reflekterer tal innbyggjarar i kommunane.

Endeleg bestilling vart sendt til KPMG 05.06.20, etter at stadfesting var motteken frå alle kommunane, samt at innspel frå eit par kommunar var handtert.

Kontrollutvalet fekk ei løypemelding i utvalsmøtet 08.09.20, og det er lagt opp til ny løypemelding i dette møtet.

Av prosjektplanen går fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS

Av prosjektplanen ser ein og at det er med slike problemstillingar:

1. I kva rammer opererer FOS?

- a. Korleis er FOS organisert?
- b. Kva mål og strategi har FOS?
- c. Kva slags budsjett og rekneskap har FOS?
- d. Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS?
- e. Korleis rapporterar FOS til deltakarkommunane?
- f. Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane?
- g. Kva vedtekter har FOS?
- h. Kva eigarskapsførignar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?
- i. Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS?
- j. Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS?
- k. Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?
- l. Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS?

- a. Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer?
- b. I kva grad opplever barnehagane og skulane å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for?
- c. Korleis opplever kommunalt tilsette innan oppvekstområdet at deira medverknadsrett blir tatt i vare i FOS?
- d. I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

KPMG kom 26.08.20 med slik tilbakemelding i epost.

«Det blei gjennomført oppstartsmøte med dagleg leiar FOS i juni, og vi har hatt kontakt med kommunalsjefane/sektorleiarane innan oppvekst i kommunane. Revisjonen har samla inn og gått gjennom dokumentasjon tilsendt frå FOS og kommunane. Vi har avtale om å gjennomføre ein god del av intervjua i neste veke. Vidare er vi i dialog med nokre respondentar for å avtale intervjutidspunkt.

Vi vil gjennomføre intervju med dagleg leiar FOS, kommunalsjefane/sektorleiarane oppvekst i dei 6 kommunane, 3 tillitsvalde, 1 rektor og 1 styrar. I tillegg forsøker vi å få til eit intervju med ein representant for Fylkesmannen i Vestland, som har tett kontakt med FOS. Vi arbeidar per dags dato (26.08) med å utforme spørjeundersøkinga som vil gå ut til tilsette i oppvekstsektoren i kommunane. Denne vil sendast ut i løpet av neste veke.

Vil vi bruke mesteparten av september på å skrive rapporten. Rapporten vil sendast på høyring til dagleg leiar FOS og kommunane i starten av oktober. Verifisert rapport med høyringsuttale vil som avtalt leverast sekretariatet 13.11.2020.

Vi har hatt eit godt samarbeid med FOS og kommunane, og fått god hjelp til å samle inn dokumentasjon og avtale intervju.»

KPMG kom 01.10.20 med ny status i epost.

Sidan sist løypemelding har vi sendt ut spørjeundersøkinga til tilsette i oppvekstsektoren i kommunane. Vi har gjennomført 11 intervju, irekna med kommunalsjefane/sektorleiarane oppvekst i kommunane, nokre tillitsvalde og Fylkesmannen i Vestland. Som nemnt på førre møte vil vi gjennomføre nokre ekstra intervju med tillitsvalde. Dette har ikkje blitt gjennomført enda grunna at prosjektleiar Mathias har vore i omsorgspermisjon dei to siste vekene, og vi har difor vald å avvente gjennomføringa av desse til han er tilbake igjen på jobb i neste veke.

Vi har starta arbeidet med å skrive rapporten. I førre løypemelding antyda vi høyring i starten av oktober, men vi har grunna Mathias sin omsorgspermisjon vald å utsetje denne til midten av oktober. Verifisert rapport med høyringsuttale vil framleis leverast sekretariatet som avtalt 13.11.2020.

Vi har hatt eit godt samarbeid med FOS og kommunane.

KPMG kom 17.11.20 med ny status i epost.

Vil med dette orientere om at vi som følge av interne utfordringer, herunder to runder med sykdom - først for min nyfødte datter og deretter for min gode kollega Magnus - har blitt forsinket med FOS-revisjonen. Det er viktig for oss å levere en nyttig rapport av god kvalitet og vi klarer dessverre ikke å ha denne rapporten klar for kontrollutvalgenes behandling før i møtene som skal avvikles på nyåret.

Beklager de ulemper det vil medføre men vi gleder oss altså til å legge frem rapporten for kontrollutvalgene over nyttår.

I dette møtet skulle me gjerne hatt gjennomgang av ein ferdig forvaltningsrevisjonsrapport, men det blir med å konstatera at denne dessverre er vorten forseinka av årsaker som KPMG har gjort

greie for i siste eposten. Litt synd likevel sidan status heile veggen har vore levering innan frist 13.11.20.

Konklusjon

Dersom det ikke kjem frem særskilte opplysninger, som evt. krev justering, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/77-43
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	43/20	03.12.2020

Oppfølging av handlingsplan etter forvaltningsrevisjon av rus- og psykiatritenestene

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av betringsarbeidet som er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av tenester innan psykisk helse og rusomsorg i Stord kommune.
2. Det vert ønskt lukke til med å gje eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid, jmf. pkt. 2 i handlingsplanen, med forventning om at den del av arbeidet vert fullført komande år.

Samandrag

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjonen vart utarbeidd hausten 2019. Dette er ei oppfølging av handlingsplanen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status oppfølging handlingsplan etter forvaltningsrevisjon psykisk helse og rusomsorg i Stord kommune - per nov. 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport innan rus- og psykiatritenestene i møte 20.06.2019, sak PS 25/2019, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» ber kommunestyret rådmannen syta for at

- 1. Kommunen føretar ei evaluering på om overbygg for psykisk helsearbeid gjeldande for heile kommunen er tilfredsstillande.*
- 2. Kommunen gjennomfører brukarundersøkingar jamnare for å få nyttig styringsinformasjon om tenestetilbodet*
- 3. Kommunen implementerer BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) på tvers av tenesteområde og einingar, som kan bidra til å styrke koordineringa og informasjonsflyten mellom tenestene og skape rutinar og system for samarbeidet med fastlegane*
- 4. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørger for at det blir utarbeida system for kommunikasjon omkring ikkje-innlagde pasientar med eit tenestetilbod ved distriktpsikiatrisk senter*
- 5. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørger for at avtalane om inn- og utskriving blir praktisert*
- 6. Kommunen utarbeider ei koordinatorhandbok eller andre typar instruksjonsdokument som kan gi koordinatorane støtte i arbeidet med utforming av IP (individuell plan) og i rolla som koordinator*
- 7. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
- 8. Handlingsplanen vert lagt fram for politisk behandling i RHO.»*

Handlingsplan jmf. pkt. 7 og 8 overfor, vart utarbeidd hausten 2019. Vedlegg i saka er oppfølging av handlingsplanen.

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Stord kommune skriv slik i oversendingsbrev til sekretariatet:

«Viser til førespurnad frå kontrollutvalet datert 21.09.2020 der de ber om status på oppfølging av handlingsplan som vart utarbeidd i etterkant av forvaltningsrevisjon som vart gjort innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 - 30 år i Stord kommune utført i 2019.

Vedlagt ligg oversikt over status på oppfølging av dei forskjellige punkta.»

Av vedlagt tilbakemelding synest sekretariatet at dei langt fleste forhold er følgd greitt opp.

Det gjenstår arbeid i høve pkt. 2 i vedlegget, grunna korona-pandemien:

Ved utarbeiding av ny RHO plan vil ein vektleggje å gi eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid innan 2020	På grunn av Korona-pandemien er RHO plan forseinka. Oppstart med folkemøte vart avlyst seinast i haust. Startar med intervju av lag og organisasjonar i november 2020. Heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid skal leggjast inn i planen.
---	--

Kontrollutvalet kan då velja å:

- be om ny status innan ein dato, eller
- avslutta tett oppfølging no.
 - Utvalet kan likevel be om status på arbeidet med ny RHO plan når som helst seinare.

Sekretariatet rår til å avslutta tett oppfølging no, då det er sannsynleggjort at planlagt arbeid vil bli gjennomført framover.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan rus- og psykiatritenestene. Vidare vert det ønskt lukke til med å gje eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid, med forventning om at arbeidet vert fullført komande år.

Status oppfølging handlingsplan etter forvaltningstilsyn psykisk helse og rusomsorg i Stord kommune – per november 2020

Prioritet	Tiltak	Utført
1	Revidere informasjon til innbyggjarane på kommunen si heimeside, som gjeld psykisk helse og rusomsorg	Informasjon er revidert på heimesida i samarbeid med nettredaktør. Ved endringar i organisering, tenestetilbodet eller lovverket vert informasjonen justert.
2	Ved utarbeiding av ny RHO plan vil ein vektleggje å gi eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid innan 2020	På grunn av Korona-pandemien er RHO plan forseinka. Oppstart med folkemøte vart avlyst seinast i haust. Startar med intervju av lag og organisasjonar i november 2020. Heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid skal leggjast inn i planen.
3	Gjera heimesida meir informativ og lettare å finna fram når samarbeidsinstansar ønskjer kontakt	Heimesida er oppdatert og gjort meir brukarvenleg i samarbeid med nettredaktør, jfr pkt 1. Oppdatering vert gjort ved endringar.
4	Følgja avviksrutinane	Samhandling inkl. avvik vert teke opp på månadleg samarbeidsmøte mellom einingsleiar i kommunen og leiar DPS. Vanlege avviksrutinar vert følgt i høve resten av Helse Fonna.
5	Presisere at rutinane må følgjast i neste samarbeidsfora	Rutinane er teke opp i ulike samarbeidsfora Ved avvik ved inn- og utskrivning vert dette lagt inn i avvikssystemet. Kontinuerleg fokus på dette.
6	Ta opp problematikken om dialog omkring ikkje-innlagte pasientar med seksjonsleiar ved DPS med sikte på å utvikla tenlege informasjonsrutinar	Har vore tema på samarbeidsmøte. DPS melder/søkjer til kommunen når pasient har behov for hjelp av kommunen. Gode interne rutinar i kommunen.
7	Arbeid med kvalitetssikring av tilbodet til barn som treng koordinator og/ eller individuell plan (IP)	Førebyggjande helsetenester (FH) har delteke i utviklingsarbeid saman med Rehabilitering, helse og omsorg (RHO) sine tenester ikring klargjering av rolla for koordinator. FH har og tilsette som har dedikerte oppgåver for å sikra kvaliteten på arbeidet med IP og koordinator.
8	Eige prosjekt for utvikling av koordinatorrolla og koordinatorhandbok eller liknande.	Koordinatorhandbok er utarbeida. Det er oppretta stilling for systemkoordinator for koordinerande eining, og oppretta superkoordinatorar i fleire einingar.
9	Utvikle rutinar for tidleg melding og bruk av BTI-modellen mellom	Det er gjennomført introduksjon og tilrettelegging for tilsette i psykisk helse og rus (PHR), barnevern (BVT) og introdusert for

	barnevern, oppvekst, fastlegane og eining for psykisk helse og rus.	fastlegane. Alle som har tatt initiativ (PHR og BVT) er tilgjengelege i Stafettloggen og kan dokumentera det tverrfagelge samarbeidet sitt der. Barnevernet er pålagt å arbeida etter samhandlingsmodellen etter rutinane i oppvekst.
10	Følgje rutinen for brukarundersøkingar	Brucarundersøking er gjennomført i 2019 og vil bli gjort annakvart år framover.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/201-1
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	44/20	03.12.2020

Kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner tekst om kontrollutvalet som skal leggst ut på heimesida til Stord kommune, med dei endringar som kom fram i møtet
2. Kontrollutvalet ber om at Stord kommune legg ut den godkjende teksten på heimesida, med høve til å gjera naudsynt redigering , slik at det passar inn ift. oppbygging av kommunen si heimeside generelt sett.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva dei meiner bør stå om kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune - forslag til tekst

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det som ligg på heimesida til Stord kommune i dag, som omhandlar kontrollutvalet, finn ein på denne lenkja: <https://www.stord.kommune.no/kontrollutvalet.427553.nn.html>

Mykje er bra her, men slik sekretariatet ser det bør denne informasjonen utdjupast noko. I samråd med leier i kontrollutvalet vert difor denne saka lagt fram til handsaming.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å føreslå at denne teksten kan leggjast ut på Stord kommune si heimeside, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over har sekretariatet laga vedlagt forslag til tekst som kan leggjast ut på Stord kommune si heimeside.

Utanom generell endring av tekst, er det og teke med noko tilleggsinformasjon, som lenkje til sentrale revisjonsmeldingar, årsmeldingar for kontrollutvalet og reglement for kontrollutvalet.

Det må vera høve for redaksjonen av heimesida å gjera naudsynt redigering , slik at det passar inn ift. oppbygging av kommunen si heimeside generelt sett.

Konklusjon

Kontrollutvalet vert invitert til å drøfte vedlagt forslag til tekst om utvalet, og gjera naudsynte endringar i teksten, slik at den kan leggjast ut på Stord kommune si heimeside.

Kontrollutvalet i Stord kommune:

Kommunestyret vel representantar til kontrollutvalet. Utvalet har 5 medlemmar og minimum ein av desse må vera medlem av kommunestyret. Leiar i utvalet kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordførar. Medlemmane og varamedlemmane kan ikkje vere representerte i andre politiske utval.

Utvalet er heimla i **kommunelova kapittel 23** https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommunelova#KAPITTEL_7-2 og **forskrift om kontrollutvalg og revisjon kapittel 1** https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

Kontrollutvalet har normalt 5 ordinære møter i året. Møta er opne for publikum og sakspapir/protokoll for kontrollutvalet finn du [her](#). Møteplan for kontrollutvalet finn du [her](#).

Kontrollutvalet har følgjande faste medlemmer:

- Fredrik Litleskare, leiar (H) (tlf. 982 63 467)
- Stian Djuvsland, nestleiar (FrP)
- Rigmor Svanberg (FrP)
- Astrid-Cecilie F. Aleksandersen (Ap)
- Tore Jubskås (Sp)

Varamedlemmer i rekkefølge:

- For Litleskare: Sigmund M. Hope, Torill Mosheim og Reidunn Aasheim.
- For Djuvsland / Svanberg: Lars Stuve, Peggy Husevik Bærøy, Kristine Solheim, Torbjørn Marthinsen og Kristian Magnussen.
- For Aleksandersen / Jubskås: Amram Hadida, Odd Naustdal og Hege Myklebust.

E-post til kontrollutvalet kan sendast til leiar, Fredrik Litleskare: fredrik.litleskare@stord.kommune.no med kopi til Hogne Haktorson, sekretariat for Stord kontrollutval: hogne.haktorson@vlfk.no

Oppgåver:

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegne. Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og politiske vedtak. Vidare skal kontrollutvalet sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Til hjelp i dette arbeidet får kontrollutvalet utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og av verksemda i selskap kommunen har eigarinteresser i, eigarskapskontroll av selskap kommunen har eigarinteresser i og andre kontrolloppgåver ved bestillingar til den valde revisor.

Utvalet skal også sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet, kan ikkje leggest til kommuneadministrasjonen, eller til revisjonen.

Kontrollutvalet rapporterer resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Revisjonsrapportar etter gjennomførte revisjonar finn du [her](#).

Årsmeldingar for kontrollutvalet finn du [her](#).

Det er laga eige reglement for kontrollutvalet i Stord kommune som du finn [her](#).

Den valde revisor:

Stord kommune har inngått avtale med **KPMG AS** <https://www.kunnskapshuset.com/kpmg/> om kjøp av revisjonstenester. Revisjonstenestene omfattar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll i selskap som kommunen har eigarinteresser i, og andre kontrolloppgåver i regi av kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet:

Stord kommune kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hjå **Sekretariat for kontrollutvalet** <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/kontrollutvalget/> i Vestland fylkeskommune.

Sekretariatstenestene omfattar mellom anna saksførebuing for kontrollutvalet, møteinnkalling og saksoppfølging etter møter. Døme; føring av møteprotokoll og iverksetjing av vedtak. Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underlagt kontrollutvalet. Sekretariatet pliktar å følgja utvalet sine retningslinjer og pålegg.

Viktige lenker:

Kontrollutvalgsboka

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904?q=forskrift%20om%20kontrollutvalg>

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

<https://www.fkt.no/>

Norges kommunervisorforbund (NKRF)

<https://www.nkrf.no/>



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/81-20
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	45/20	03.12.2020

Møteplan 2021 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2021:

Dato:	Merknad:
04.03.2021	
19.04.2021	
19.05.2021	
06.09.2021	
02.12.2021	

Samandrag

Førermålet med denne saka er å få vedteke ein møteplan for kontrollutvalet i Stord kommune for 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som ev. skal vidare til formannskapet og kommunestyret. Årsrekneskapen for Stord hamnestell skal og innom utval for plan og utvikling.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går frem over har me laga eit forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2020 der det er teke omsyn til møta som er planlagt for kommunestyret og formannskapet, særleg relatert til saker om årsrekneskapen.

Vanlegvis har det vore tre møte i vårhalvåret, gjerne månadsskiftet febr./mars, april og mai, samt to møte i hausthalvåret. Det kan passa dette året grunna møter som trengst relatert til pågåande konkurranse om revisjonstenester, der desse møtene vil vera sentrale:

- Mars Handsaming i kontrollutvala - evaluering av tilbod
- Mars - april Handsaming i kontrollutvala - innstilling
- Mai Handsaming i kommunestyra - val av revisor

Utkast til møteplan for kontrollutvalet:	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Form. / Utval PU	Kommunestyret
Tor. 04.03.2021			25.03.2021
Man. 19.04.2021			29.04.2021 / 27.05.2021
Ons. 19.05.2021	Uttale til kommunerekneskapen og rekneskap Stord hamnestell	Utv. PU 03.06.2021 Form. 09.06.2021	22.06.2021
Man. 06.09.2021	Budsjett 2020 for KUV Revisjonsplan		Dato 2. halvår ikkje lagt ut på heimesida
Tor. 02.12.2021	Interimsrevisjonsrapport		

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtar møteplan for 2021 slik som føreslått.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/130-10
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	46/20	03.12.2020

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si sakliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Rigmor Svanberg
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Protokoll frå Utval for plan og utvikling sitt møte 01.10.20. vart ikkje gjennomgått i sist møte, og er derfor teke med her.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2020
Kommunestyret	22.10 (26.11)
Formannskapet	14.10 02.11 04.11 (02.12)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	11.11
Utval for oppvekst og kultur	10.11
Utval for plan og utvikling	01.10 12.11

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre ved innkalling til kontrollutvalsmøtet.)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/89-5
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	47/20	03.12.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker

**RS 21/20 KPMG revidert prosjektplan beredskap (oppstart bestilt
23.11.20)**



Prosjektplan

Beredskap
Stord kommune

November 2020

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Førering	3
1.3 Forslag til tilnærming	4
2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier	5
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterier	6
3. Tilnærming	8
3.1 Metode	8
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	9
3.3 Prosjektteam	9
4. Planlegging, gjennomføring og honorar	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Det går fram av Sak 34/20 i kontrollutvalsmøte 15.10.2020 at kommunen er utsatt for fleire store, eksterne risikoar som verkar inn på kommunen i forskjellig grad. Kontrollutvalet i Stord kommune ynskjer difor kunnskap om kommunen har nok beredskap for hendingar og katastrofar. Kontrollutvalet har difor bede KPMG om å lage ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av beredskapen i kommunen.

1.2 Førebuing

Det er eit mål om å utarbeide ein god prosjektplan med relevante og vesentlige problemstillingar for ein forvaltningsrevisjon. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere formål og problemstillingar. Me har innhenta informasjon gjennom kommunen si heimeside, offentlige utgreiingar og Sak 34/20 for kontrollutvalet i Stod kommune.

1.2.1 Kommunal beredskap

Kommunane er det lokale fundamentet i det nasjonale arbeidet med tryggleik og beredskap. Dei er difor ein viktig aktør i det nasjonale beredskapsarbeidet.

Kommunane er pålagt eit grunnleggjande ansvar for å ta vare på befolkninga sin tryggleik innanfor sitt geografiske området. Denne rolla er tydeliggjort gjennom føresegna om kommunal beredskapsplikt (jf. sivilbeskyttelseslova). Krav gjennom lov og forskrift pålegg kommunen å gjennomføre ei rekke aktivitetar for å sikre at både befolkninga og kritiske samfunnsfunksjonar står robust i møte med hendingar og katastrofar. Stadig skifting i risiko- og trusselbilete gjer at det er ekstra viktig at kommunane klarar å oppdatere planverk og analysar i tråd med slike endringar.

Krav i lov og forskrift fordrar mellom anna at kommunane skal:

- ✓ *Gjennomføre ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse*
- ✓ *Ha eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid*
- ✓ *Skal være forberedt på å handsame uønskte hendingar*
- ✓ *Utarbeide overordna beredskapsplan*

1.2.2 Risiko knytt til hendingar og katastrofar

I risiko og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 til Stord kommune går det fram at kommunen er utsatt for fleire eksterne, store risikoar knytt til mellom anna geologi og infrastruktur. I 2020 har kommunen sin beredskap vorte sett på prøve med handsaminga av pandemien som følgje av Covid-19 viruset. Vidare er det også knytt risiko til kommunen sin digitale beredskap. Risikoane som er syna er alle døme på hendingar som kan setje kommunen sitt beredskapsapparat på prøve.

I arbeidsmøtet vart det diskutert korleis kommunen har etablert ein tilstrekkelig beredskap for hendingar og katastrofar. Tryggleik og beredskap, og beredskapsplikta til leiargruppa låg inne som eit uprioritert prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020 og det har ikkje vore gjennomført noko prosjekt på

dette i perioden. Konsekvensen av ein katastrofe kan vere alvorlig, og risikoen knytt til dette området blei difor vurdert som høg.

Stord kommune sitt beredskapsarbeid har som mål å utvikle eit handsamingsapparat som kan redusere konsekvensane av krise-, katastrofe- og krigssituasjonar. Beredskapsarbeidet er trekt frem i rådmannen si årsmelding, kor det mellom anna går fram at kommunen har eit beredskapsforum med Fitjar og Bømlo. Stord kommune hadde i tillegg i 2019 tilsyn frå fylkesmannen på kriseleiing utan avvik. Det syner også at kommunen har gjennomført ein rekke øvingar og at kommunen sin ROS-analyse etter planen skulle bli vurdert på nytt i 2020.

1.3 Forslag til tilnærming

Me foreslår at forvaltningsrevisjonen fokuserer på to hovudtema:

✓ **Organiseringa av kommunen sitt beredskapsarbeid**

Det er viktig at kommunen sitt beredskapsarbeid har ein tydelig organisering. Her vil me kartlegge korleis kommunen sitt beredskapsarbeid er organisert og korleis ansvar for førebygging og beredskap er fordelt.

✓ **Om beredskapsarbeidet blir oppfatta og er tilstrekkelig for å kunne handsame krisesituasjonar**

Her vil me rette blikket mot korleis kommunen sitt beredskapsarbeid førebur Stord kommune på ulike former for krisesituasjonar. I tillegg til å kartlegge kommunen sin etterleving av krav i lov og forskrift, ynskjer me her å rette fokus på tilsette sin oppfatning av beredskapsarbeidet, og om dette er tilstrekkelig for å kunne handsame ulike hendingar og katastrofar. Døme på slike hendingar og katastrofar kan mellom anna vere digitale angrep, naturhendingar mv. Her vil me gjennomføre intervju med personar som er med i kommunen sin kriseleiing, stab og støtte, eit utval verksemdleierar og politikarar og eventuelt andre interne støttefunksjonar og ressursgrupper for å kartlegge deira erfaring med kommunen sitt beredskapsarbeid i krisesituasjonar.

2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier

2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- ✓ Kartleggje korleis beredskapsarbeidet i kommunen er organisert
- ✓ Kartleggje og vurdere i kva grad den kommunale beredskapen er tilstrekkeleg for å kunne handsame krisesituasjonar i høve til beredskap, hendingar og katastrofar.

Forvaltningsrevisjonen er retta inn mot kommunen sin organisering av beredskapsarbeid, og om dette arbeidet blir oppfatta som, og er tilstrekkelig, i tråd med føremålet og problemstillingane i denne prosjektplanen.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet blir fylgjande problemstillingar føreslegne:

1. Korleis har Stord kommune organisert sitt beredskapsarbeid?

- a) *Korleis er ansvar for førebygging og beredskap fordelt i kommunen?*

2. Er rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument i tråd med overordna føringar?

- a) *Har kommunen gjennomført og oppdatert sin heilskaplege risiko- og sårbaranalyse og kva områder er del av denne?*
- b) *I kva grad og korleis gjeres øvingar i forhold til krisehandsaming?*
 - i. *Innafor kva områder/beredskapssituasjonar?*
- c) *Kva er innhaldet i beredskapsplanverket og kor ofte evaluerer / oppdaterer ein dei?*
- d) *Har kommunen en beredskapsplan for IKT, og korleis er denne samordna med anna planverk?*
- e) *Korleis handsamar kommunen tema som kriseleiing, kommunikasjon, evaluering mv?*
- f) *Har kommunen inngått og formalisert samarbeidsavtalar med relevante aktørar (private, offentlige, frivillige)?*

3. I kva grad blir kommunen sitt krise- og beredskapsarbeid innanfor områdene beredskap, hendingar og katastrofar oppfatta som hensiktsmessig?

- a) *I kva grad er tilsette gjort kjend med beredskapsplanverk, ansvar og rutinar for handsaming innafor dei ulike områda?*
 - i. *I tråd med risiko og vesentlegvurdering vil aktuelle områder i denne samanheng mellom anna vere digitale angrep, naturhendingar mv.*
- b) *På kva måte blir det trekt lærdom frå øvingar og hendingar?*
- c) *I kva omfang gis opplæring til dei som har ansvar dersom ei krise skulle skje?*
- d) *Opplever dei som har ansvar for oppgåver dersom kriser oppstår, tryggleik i samband med rutinar og handsaming?*
 - i. *Aktuelle krisesituasjonar er eksempelvis digitale angrep, naturhendingar mv.*

Lista med underproblemstillingar er ikkje utfyllande. Dette er punkt som me vil gå inn på i kartlegginga. Kartlegginga kan jamvel vise at andre punkt og tema som er sentrale – desse vil òg bli skildra og handsama i rapporten.

2.2.1 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen vil i hovudsak handle om kommunen sin organisering beredskap og korleis denne er tilstrekkelig. Aktuelle beredskapssituasjonar, som eksempelvis digitale angrep, naturhendingar mv vil synas til gjennom fleire av underproblemstillingane.

Forvaltningsrevisjonen er ikkje ein evaluering av kommunen sin handsaming av koronapandemien, men gjennomgangen av kommunen sitt generelle beredskapsarbeid kan komme innom problemstillingar knytt til handsaminga og syne generelle forbettringsområde som òg er relevant for handsaminga av denne.

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller me opp revisjonskriterium. Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot og desse må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterium kan til dømes vere:

- ✓ Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova)
- ✓ Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- ✓ Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven)
- ✓ Delegering av departementets myndighet til å gi forskrifter etter lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
- ✓ Forskrift om informasjonstryggleik
- ✓ Lov om nasjonal tryggleik (tryggleiksloven)
- ✓ Lov om helsemessig- og sosial beredskap (helseberedskapsloven)
- ✓ Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova)
- ✓ Stortingsmeldingar og NOUar, mellom anna kan fylgjande vere relevante:
 - Meld. St. 5 (2020-2021), Samfunnstryggleik i ein usikker verden
 - Rettleiarar frå Helsedirektoratet om pandemiplanlegging i kommunen og prioritering av helsehjelp i Norge

- Rettleiarar frå Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)
- NOU 2012 14: Rapport fra 22. juli kommisjonen

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil me samle inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju

Me vil hente inn og gjennomgå dokumentasjon frå Stord kommune som kan gi informasjon om problemstillingane. Me vil òg gjennomføre ein kartlegging av korleis beredskapsarbeidet i Stord kommune er organisert og korleis rutinar mv. er utforma. Me vil vurdere om beredskapsarbeidet er tilstrekkelig i tråd med overordna føringar, for å kunne handsame krisesituasjonar. Her vil me mellom anna samle inn informasjon kring beredskapsplaner, ROS-analyser, og dokumentasjon knytt til formaliserte samarbeidsavtaler, øvingar og rutinar. Me vil òg kartlegge om planverk har blitt justert i tråd med eit oppdatert og relevant risikobilde, og om dei som har ansvar og oppgåver gis opplæring og opplever trygghet i rutinar og handsaming om kriser skulle oppstå. For dette vil det bli nytta intervju.

Me vil gjennomføre intervju med relevante informantar. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon om korleis kommunen sitt beredskapsarbeid er organisert og om denne oppfyller krav i lov og forskrift, og oppfattast som tilstrekkelig innanfor områda som er skildra i denne prosjektplanen. Det vil vere hensiktsmessig å ha intervju med kommunen sin kriseleiiing, stab og støtte, verksemdleierar og avdelingsleierar, og eventuelt andre interne støttefunksjoner og ressursgrupper. Etter innspel frå kontrollutvalet, vil det òg kunne vere relevant å gjennomføre intervju med eit utval politikarar. Sett i lys av dagens koronasituasjon og råd frå helsemynda om reising og sosial kontakt, legg me opp til å gjennomføre intervju over telefon eller Skype/Microsoft teams.

Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaring til dokumentasjonen. Ved gjennomføring av intervju vert det utarbeid intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv me referat som me sender til kvar enkelt respondent til verifisering. Informasjonen som vert samla inn frå dokumentasjon og intervju vil bli gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Dette vil nyttast for å svare på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Det vil bli utarbeidd ein skriftleg sluttrapport som gjer greie for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil bli sendt på høyring til relevante aktørar før det blir utarbeidd ein endeleg sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av ein revisjonsrapport. Det vil vere ein raud tråd gjennom rapporten, og rapporten vil vere kvalitetssikra og kunne etterprøvast.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

	November			Desember					Januar				Februar				Mars			April					
Faser + aktiviteter	46	47	48	49	50	51	52	53	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17
1 Forberede																									
1.1 Forundersøkelse																									
1.2 Etablere prosjektplan																									
1.3 Godkjenning prosjektplan																									
2 Starte opp																									
2.1 Sende oppstartsbrev																									
2.2 Oppstartsmøte																									
2.3 Revisjonskriterier																									
2.4 Dokumentliste																									
2.5 Intervjuplan																									
3 Gjennomføre																									
3.1 Dokumentanalyse																									
3.2 Intervjuguide																									
3.3 Intervjuer																									
3.4 Analyse																									
3.5 Kvalitetssikring																									
3.6 Rapportutkast																									
4 Rapport																									
4.1 Ferdigstille rapportutkast																									
4.2 Høring rapportutkast (2x2 u.)																									
4.3 Oversending av rapport																									
4.4 Samlet presentasjon KU																									

Forvaltningsrevisjonen vil ha start i januar. Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vil gå føre seg i februar-mars. Rapportskrivning og høring av rapporten vil skje i april. Endeleg rapport vil leverast innan midten av april.

Vårt forslag til gjennomføringsplan føreset at kommunen sender etterspurt dokumentasjon til oss innan rimelig tid, samt at me får tilgang til personar, dokumentasjon og data.

3.3 Prosjektteam

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av fylgjande:

- ✓ Oppdragsansvarleg: Willy Hauge
- ✓ Mathias Johannessen
- ✓ Sindre Rødne Dueland
- ✓ Maria Halvorsen

4. Planlegging, gjennomføring og honorar

Det vert lagt opp til gjennomføring av prosjektet innafør ei ramme på 220 timar , -.

Honoraret dekkjer planlegging, gjennomføring og rapportering, samt ein samla presentasjon av rapporten for kontrollutvalet.



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Mathias W. Johannessen

Senior Manager

T +47 91 84 74 43

E mathias.johannessen@kpmg.no

kpmg.no

© 2020 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.



Stord kommune
v/ Mariann Jacobsen Hilt
Postboks 304
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Terese Aam, 5764 3185

Avslutning av tilsyn

Vi gjennomførte tilsyn med kommunen i perioden 21. januar 2020 og fram til i dag.

I vårt vedtak 30. juni 2020 vart kommunen pålagt å rette brot på regelverket. Kommunen har i brev 5. oktober 2020 erklært at brota på regelverket er retta.

Vi har vurdert kommunen si erklæring og dokumenta som følgde med.

Det kjem fram av brevet frå kommunen at dei i etterkant av endeleg rapport har gjennomført ein ytterlegare revisjon av inntaksprosedyren og støttedokument. Støttedokumenta inkluderer ei sjekklister for kva tema som skal handsamast ved inntakssamtalane. Denne er også utgangspunktet for referat frå desse samtalane. Vidare skildrar kommunen kva tiltak dei har gjennomført for å rette dei ulike pålegga. Til sist vert det gjort greie for implementeringa av ny praksis og kommunen sin plan for vidare oppfølging.

Når det gjeld implementering og kommunen sin plan for vidare oppfølging skriv kommunen at:

Implementering

Nye prosedyrar og støttedokument er utvikla og gjennomgått saman med alle som arbeider etter prosedyrane og er no kjent for desse. Prosedyrane er tatt i bruk. Førabels er det berre eitt vedtak som er gjort etter siste revisjon av inntaksprosedyren. Vedtaket og støttedokumenta i denne saka følgjer vedlagt (...).

Plan for vidare oppfølging av vaksenopplæringa og grunnskuleopplæring for vaksne

På kort sikt vil Stord kommune gå gjennom nokre vedtak for å forsikra oss om at vaksenopplæringa har forstått og følgjer dei nye prosedyrane. Planen er å gå gjennom vedtaka som vert gjort i oktober. Oppgåva vert på vegner av kommunalsjef følgd opp av juridisk rådgjevar ved fagavdeling oppvekst og utdanning. Oppgåve er registrert i årshjulet til fagavdelinga.

Alle prosedyrar vert registrert og følgd opp i Stord Kommune sitt kvalitetssystem Compilo. Normalordninga er at denne type dokument vert revidert årleg om ikkje behovet melder seg før. Revisjon vert utført av rådgjevarar i fagavdelinga på vegner av kommunalsjef. Fordi prosedyrane er nye og på grunn av dei lovbrota Fylkesmannen har peika på, vurderer me at eitt år her vil vere for lenge. Stord kommune vil revidera prosedyrane i april om ikkje behovet melder seg tidlegare.



Tanken er at prosedyrane då har fått verka ei stund samtidig som revisjonen vil vera i mål før den perioden vaksenopplæringa, etter vår erfaring, mottar flest søknadar. Stord kommune vil òg i april sjå på nokre vedtak for å forsikra oss om at vaksenopplæringa har forstått og følgjer prosedyrane. Oppgåve vert på vegner av kommunalsjef følgd opp av juridisk rådgjevar ved fagavdeling oppvekst og utdanning. Oppgåve er registrert i fagavdelinga sitt årshjul.»

Ut frå opplysingane i kommunen sitt brev 5. oktober 2020 har vi kome til at kommunen har retta brota på regelverket som går fram av vår endelege rapport. Vidare er det vår vurdering at kommunen no har sannsynleggjort at praksisen som er skildra i dokumentasjonen er etablert og implementert.

Vi avsluttar derfor tilsynet.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Astrid Terese Aam
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Forum for Kontroll og Tilsyn
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

20/4721-2

22. oktober 2020

Svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til brev 11. september 2020. I brevet skriver dere at flere av medlemmene deres opplever at kommunene gjør endringer i årsberetningene sine etter at regnskapsrevisor har avgitt revisjonsberetningen sin. Dere spør om revisjonsberetningen vil være dekkende når den ikke bygger på den siste versjonen av årsberetningen.

Departementet vil vise til at det følger av kommuneloven § 14-7 tredje ledd at årsberetningen skal være avlagt senest 31. mars. Departementet vil understreke betydningen av at denne fristen holdes, og at eventuelle endringer i årsberetningen etter fristens utløp begrenses til det som er absolutt nødvendig. Det følger av § 24-8 første ledd at regnskapsrevisor skal avgis en revisjonsberetning til kommunestyret senest 15. april. Revisjonsberetningen er revisors rapport om resultatet av regnskapsrevisjonen. Her gir revisor blant annet sin konklusjon på om årsregnskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrift, og om årsberetningen inneholder de opplysningene som kreves av lov og forskrift.

Det følger av § 24-8 første ledd tredje setning at regnskapsrevisor skal avgis revisjonsberetningen sin innen fristen selv om årsberetningen ikke foreligger eller er ufullstendig. Revisjonen skal i slike tilfeller fullføres når årsberetningen foreligger eller er fullstendig. Tidligere revisjonsberetning skal da kalles tilbake og ny revisjonsberetning skal avgis. Departementet viser til merknaden til § 24-8 i Prop. 46 L (2017–2018).

Dersom kommunen gjør endringer i årsberetningen etter at regnskapsrevisor har avlagt revisjonsberetningen sin, er utgangspunktet altså at regnskapsrevisor skal kalle tilbake

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Signe Bechmann
22 24 72 64

revisjonsberetningen sin og avgi en ny revisjonsberetning. Den nye revisjonsberetningen skal da være basert på den endelige versjonen av årsberetningen. Departementet legger likevel til grunn at behovet for å kalle tilbake revisjonsberetningen og avgi en ny revisjonsberetning må vurderes konkret i hvert enkelt tilfelle. Dersom kommunen har gjort mindre endringer i årsberetningen som ikke påvirker innholdet i revisjonsberetningen, mener departementet at regnskapsrevisor ikke skal være nødt til å avgi en ny revisjonsberetning. På den måten sikrer man at avgivelsen av revisjonsberetningen ikke utsettes mer enn nødvendig, og at tidsplanen for regnskapsbehandlingen i kontrollutvalget, formannskapet og kommunestyret ikke blir forsinket.

Departementet viser til at både årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret senest seks måneder etter regnskapsårets slutt, jf. § 14-3 andre ledd. Det betyr i praksis 30. juni. Hvis kommunestyret ikke vedtar årsregnskapet til kommunekassen innen fristen, vil det danne grunnlag for innmelding i ROBEK-registeret, jf. § 28-1 første ledd bokstav f.

Avslutningsvis vil departementet også nevne at fristen for å avgi revisjonsberetning til årsregnskapene og årsberetningene for 2019 har vært utsatt til 15. september 2020. Dette som følge av utbruddet av covid-19. Den midlertidige loven som fastsatte denne fristutvidelsen ble opphevet 16. september 2020.

Med hilsen

Ragnhild Spigseth (e.f.)
avdelingsdirektør

Signe Bechmann
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Forum for Kontroll og Tilsyn
Postboks 41 Sentrum
0101 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

20/2919-5

15. oktober 2020

Svar på oppfølgingsspørsmål vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til brev 2. september 2020 og tidligere korrespondanse vedrørende tolkningen av kommuneloven § 23-5. I brevet viser dere til at departementet i brev 4. august 2020 har lagt til grunn at kommunedirektøren ikke skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saker som gjelder budsjettforslag for kontrollarbeidet. I brevet viste departementet blant annet til at budsjettet for kontrollarbeidet har direkte betydning for omfanget av kontrollen med kommunens administrasjon, og at gode grunner derfor tilsier at kommunedirektøren ikke skal gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler denne typen saker. Dere spør om det betyr at kommunedirektøren heller ikke skal gis anledning til å endre eller redusere budsjettforslaget til kontrollutvalget før det skal behandles i formannskapet.

Departementet vil vise til at § 23-5 andre punktum regulerer i hvilke tilfeller kommunedirektøren skal gis anledning til å uttale seg *før* kontrollutvalget behandler en sak. Når saker *etter* kontrollutvalgets behandling skal oversendes til kommunestyret, vil kommunedirektørens rolle være å ekspedere saken videre til behandling der. Det framgår av merknaden til § 23-5 andre punktum i Prop. 46 L (2017–2018) at kommunedirektøren kan gi supplerende opplysninger i forbindelse med at saken oversendes til kommunestyret, jf. prinsippet om at saken skal være så godt opplyst som mulig. Kommunedirektøren kan imidlertid ikke endre saksframstillingen til kontrollutvalget.

Departementet legger derfor til grunn at kommunedirektøren ikke kan endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet før det skal behandles i formannskapet.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Signe Bechmann
22 24 72 64

Kontrollutvalgets budsjettforslag skal følge formannskapetets innstilling til årsbudsjettet etter § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Med hilsen

Ragnhild Spigseth (e.f.)
avdelingsdirektør

Signe Bechmann
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Medlemsinformasjon november 2020

Kurs og konferanser

[Kontrollutvalgslederskolen 27.-28. oktober 2020, Gardermoen](#)

Samlingen ble gjennomført med 46 deltakere. Tilbakemeldingene er gode, og vi har fått tips om opplegg og innhold for neste ledersamling. Mange ønsker enda mer tid til gruppearbeid, spørsmål og diskusjon.

Det var mange som ikke meldte seg på eller som måtte melde avbud på grunn av frykt for covid-19 smitte. For at flere kan dra nytte av det faglige innholdet på samlingen, ble det gjort opptak av foredragene. Opptakene finner du på hjemmesiden.

[«Slik takler du media» 1. desember 2020, webinar](#)

Det kan være lurt å vite litt om hvordan mediene jobber, og hvordan du kan håndtere henvendelser fra mediene. Webinaret er et helt nytt tilbud rettet mot kontrollutvalgsledere og ledere for revisjonen og er et samarbeid mellom FKT og Norges kommunerevisorforbund (NKRF).

Du finner mer informasjon om kurset og påmelding på hjemmesiden.

Samlinger og konferanser våren 2021:

Noter deg dato og sted:

[Sekretariatskonferansen 16.-17. mars 2021, Lillestrøm](#)

[Fagkonferansen 1.-2. juni 2021, Ålesund](#)

Årsmøtet blir gjennomført i forbindelse med konferansen

Veiledere

[Mal for Internkontroll i sekretariatene](#)

Styret behandlet malen 27. oktober. Du finner den på hjemmesiden. Alle vedlegg er lagt inn i dokumentet.

Sekretariatets internkontroll bør være risikobasert. FKT og NKRF er derfor i ferd med å etablere i et felles prosjekt for å utarbeide en veileder for risikovurdering rettet mot sekretariatene.

Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet

Arbeidet med veilederen er i slutfasen før høringsrunden. Styret skal behandle høringsutkastet 15. desember. Vi tar sikte på at malen tas i bruk for uttalelsen til regnskapsåret 2020, dvs. våren 2021. Veilederen vil bli presentert i et webinar i fm. høringsrunden. Det kommer nærmere informasjon om det.

Nytt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet

[Kontrollutvalgsboken](#)

Vi venter på en ny utgave som er oppdatert i henhold til kommuneloven av 2018.

Utredningsleder Erland Aamodt opplyste under sitt innlegg på kontrollutvalgslederskolen at departementet håper å kunne starte opp arbeide med ny utgave nå i høst. FKT vil bli involvert i prosessen.

Veileder til forskrift om kontrollutvalg og revisjon

FKT har tidligere blitt varslet om at departementet vil utarbeide en veileder til forskrift om kontrollutvalg og revisjon. Departementet er nå i gang med arbeidet, og FKT er invitert til å komme med innspill til prosessen.

Veilederen vil ta form av å være merknader til de enkelte forskriftsbestemmelsene.

[Hva er konsekvensen når kommunedirektøren endrer på årsberetningen etter at revisor har avlagt sin beretning?](#)

Dersom kommunen gjør endringer i årsberetningen etter at regnskapsrevisor har avlagt revisjonsberetning, er utgangspunktet at regnskapsrevisor skal kalle tilbake revisjonsberetningen og avgi en ny. Departementet legger likevel til grunn at behovet for å kalle tilbake revisjonsberetningen og avgi en ny revisjonsberetning må vurderes konkret i hvert enkelt tilfelle.

[Kan kommunedirektøren endre på kontrollutvalgets budsjettforslag?](#)

Departementet legger til grunn at kommunedirektøren ikke kan endre eller redusere kontrollutvalgets budsjettforslag for kontrollarbeidet før det skal behandles i formannskapet.

[Kan sekretariatet delta digitalt i fysiske møter?](#)

Departementet mener at de oppgavene sekretariatet har ansvaret for kan utføres ved at det deltar digitalt under et fysisk møte. Dermed er hensynet til at oppgavene faktisk blir utført, ikke til hinder for slik deltakelse. Departementet mener etter dette at et kontrollutvalg kan holde et alminnelig (fysisk) møte selv om sekretariatet deltar digitalt.

Tidligere lovtolkninger fra departementet finner du på medlemssidene [«Spørsmål og svar»](#) (krever pålogging), eller på departementets side: [Tolkningsuttalelser om kommuneloven 2018](#)

Annet faglig påfyll

[Dilemmasamling for kommuner og fylkeskommuner \(KS, TI-Norge\)](#) 24 eksempler for refleksjon om etikk og antikorrupsjon i kommuner og fylkeskommuner

Styret

Styret hadde møte på Gardermoen 27. oktober, i fm. Kontrollutvalgslederskolen. Fire av styremedlemmene deltok digitalt. Strategiplanen var hovedsaken på møtet. Protokollen fra møtet er vedlagt, du finner den også på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styret har sitt neste styremøte 15. desember, og det møtet blir heldigitalt.

Nye medlemmer

Vi ønsker kontrollutvalget i Vågan kommune velkommen som nytt medlem i FKT.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#)
De av dere som ønsker [tilgang til medlemssidene](#) kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer.

Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.



Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen
Generalsekretær

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, 16. OKTOBER 2020
KL. 09.00 PÅ KAIEN AS, SVEIO**

Desse møtte:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Gaute Epland	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune

Deltok på Teams:

Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Liv Kari Eskeland	Stortingspolitikar
Helge Andre Njåstad	Stortingspolitikar

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust
Anne Almås Tranøy

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune – Kjetil Aga Gjøsæter, Bømlo kommune – Olaug Haugen, Fitjar kommune – Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune – Magnus Mjør, Stord kommune – Steinar Dalland, Tysnes kommune

Då var føre:

Sak 43 /20	Godkjenning av referat frå 4. september d.å.
Sak 44/20	Morgondagens omsorg
Sak 45/20	Fengsel i Sveio – vidare arbeid
Sak 46/20	Årlege fellesmøter med andre aktørar/regionar
Sak 47/20	Skriv og meldingar
	a) Strategiplan fiber og energi
	b) Regionalt kompetanseforum
	c) Møte med Atheno 26. oktober d.å. - moglege samarbeidsområde
	d) Prosjektorientering
Sak 48/20	Ymse
	a) Revisjonstenester for kommunane
	b) Havvind analys
	c) Sunnhordlandspodden

Sunnhordland, 19. oktober 2020

Tora Haslum Myklebust
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORLDAND, 16. OKTOBER 2020
KL. 09.00 PÅ KAIEN AS, SVEIO**

Sak 43 /20 Godkjenning av referat frå 4. september d.å.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke

Sak 44/20 Morgondagens omsorg

Framlegg til vedtak:

Administrasjonen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland kartlegg fram mot neste møte i Samarbeidsrådet, om Haugland Vekst og kommunane på Haugalandet har interesse for eit felles studentprosjekt innan helse og omsorg og kva det vil koste pr kommune.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke

Sak 45/20 Fengsel i Sveio – vidare arbeid

På møtet:

Linn Therese Erve orienterte om regjeringa si pressemelding der KVVU'en anbefaler å auka fengselkapasiteten og erstatte dagens 10 mindre fengsel på Vestlandet med tre nye større. Utredninga omfattar både Haugesund- og Sandeid fengsel. Det er viktig å arbeida for å få eit høgrisikofengsel til regionen.

Det er mange år sidan Samarbeidsrådet hadde fengsel i Sveio som sak første gong og gjorde sist i 2018, vedtak om at nytt høgrisikofengsel må lokaliserast i Sveio. Det vart foreslått å setje ned ei arbeidsgruppe frå Samarbeidsrådet iht. vidare strategi.

Leiar ba om at prospektet om utredninga vert sendt ut saman med referatet.

VEDTAK:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med vidare strategi for fengsel i Sveio.

Følgjande representantar deltek i arbeidsgruppa:

1. Linn Therese Erve, ordførar Sveio
2. Mette Heidi B. Ekrheim, ordførar Etne
3. Gaute Epland, ordførar Stord
4. Morten Storebø, ordførar Austevoll

Sak 46/20 Årlege fellesmøte med andre aktørar/regionar

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet avtalar årlege fellesmøte med følgjande aktørar:

- Regionrådet for Haugalandet
 - Hardangerrådet og Regionrådet Nordhordland
 - Toppleiarforumet i Atheno
2. Administrasjonen samordnar møtedatoar med dei andre aktørane

På møtet:

Det vart fremma ynskje om at fellesmøtet med Hardangerrådet og Regionrådet Nordhordland vert gjennomført før fylkesmannen sitt møte med kommunane på Solstrand 23. november, på morgonen.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 47/20 Skriv og meldingar

- a) Strategiplan fiber og energi
- b) Regionalt kompetanseforum
- c) Møte med Atheno 26. oktober d.å. - moglege samarbeidsområde
- d) Prosjektorientering

På møtet:

Dagleg leiar orienterte om dei ulike sakene nemnt ovanfor.

Sak 48/20 Ymse

a) Revisjonstenester for kommunane på anbod

Gaute Epland orienterte om at Stord kommune har hatt ein gjennomgang på revisjonstenester samt sekretariatstenestene til kontrollutvalet i kommunen. Det vart drøfta korleis dei andre kommunane handterte anbod på revisjonstenester, og det kom innspel på at arbeidet med revisjonstenester for kommunane måtte handterast av kvar einskild kommune.

Når det gjeld sekretariatstenester for kommunane, vart administrasjonen bedt om å invitera Haugaland kontrollutvalgsekretariat IKS til møte med Samarbeidsrådet snarast, for presentasjon av tenester.

b) Havvind analys

Utbygging av to storskala havvindparker på 500 MW ved Utsira Nord kan gje verdiskaping på 13 milliardar og gi arbeid til 12 000 personar. 6500 av disse kan tilfalla Haugalandet og Sunnhordland, viser ein fersk analyse frå Menon Economics. Saman med Haugland Vekst IKS har Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS fått utarbeida denne analysen.

Dagleg leiar orienterte om at analysen vil bli lansert 26. oktober i Haugesund. Det er svært ynskjeleg at politisk leiing deltar. Administrasjonen sender link for påmelding.

c) Sunnhordlandspodden

Sunnhordlandpodden er eit privat initiativ etablert av Kjetil Fyllingen. Han har inntil nyleg hatt ein avtale med Sunnhordland avis, men er frå 2021 fristilt den avtalen. Han har stadig hatt ein auke i lyttarar, og har eit breitt nedslagsfelt, då tema han belyser varierer frå episode til episode. Administrasjonen ynskjer å inngå avtale med Sunnhordlandspodden med X antall episodar gjennom 2021, noko Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar. Episodane skal fremme kommunane sitt politiske arbeid, samt reiseliv. Dette er tema som vil passe godt inn med det som Sunnhordlandspodden har sendt så langt. Kjetil Fyllingen har fokusert på å løfte menneske frå Sunnhordland, som kan fortelje ei interessant og engasjerande historie. Administrasjonen utarbeider forslag til antall episodar og finansiering.

Politiske saker

PS 48/20 Vurdering av revisjonsordning for Stord kommune



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2016/103-9
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	48/20	03.12.2020

Vurdering av revisjonsordning for Stord kommune

Forslag til innstilling

1. Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Stord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.
2. Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Stord kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.
3. Fram til ny vurdering, held Stord kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal vurdere om Stord kommune skal søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS for å få dei til å gjennomføre alle revisjonstenestene for kommunen eller om ein skal halde fram med dagens ordning som er å konkurranseutsette revisjonen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revisjonsordning i Stord kommune og Fitjar kommune
- 2 Vedrørande revisjonsordning i Stord kommune og Fitjar kommune
- 3 Presentasjon Haugesund

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slikt vedtak i sak PS 55/20 i møte 24.09.2020:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Det er det siste avsnittet i vedtaket denne saka skal omhandle.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med val av revisjonsordning og lage innstilling til kommunestyret, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Drøftinga nedanfor inneheld desse overskriftene:

- Val av revisjonsordning og val av revisor.
- Stord kommune - frå kommunerevisjon til privat revisor.
- Ulike revisjonsordningar.
- Noverande ordning - privat revisjon.
- Om å tilsetta eigne revisorar.
- Om interkommunale revisjonsordningar inkludert Rogaland Revisjon IKS.
- Om økonomi og det å vakta seg for å «ri to hestar».

Avslutningsvis er det

- Konklusjon

1. Val av revisjonsordning og val av revisor.

Dette er to ulike sakstypar som leidar fram til kven som reviderar kommunen, der kontrollutvalet innstiller, medan kommunestyret gjer vedtak. Det er:

- Val av revisjonsordning
- Val av revisor.

Denne saka handlar om val av revisjonsordning. Når ein først har valt revisjonsordning så gjer ein vanlegvis ikkje ny vurdering utan at det kjem eit initiativ om det. Dersom revisjonsordninga t.d. er privat revisjon, så syter ein berre for at det vert valt ny revisor før ein avtaleperiode er over.

2. Stord kommune - frå kommunerevisjon til privat revisor.

Første gang Stord kommune hadde oppe sak om revisjonsordning var i 2004/2005. Kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Kvinnherad hadde den gongen Kommunerevisjonen for Sunnhordland som revisor. Stortinget hadde nyleg gjort vedtak om at revisjon av kommunar kunne konkurransenutsetjast. Dei fire Sunnhordlandskommunane gjekk inn for å gjera det og kommunerevisjonen vart avvikla. Det vart også gjort vurdering av revisjonsordninga i 2016 der kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 22.12.2016:

1. *Stord kommune gjennomfører den pågåande konkurransen om revisjonstenester for avtaleperioden 01.07.17-30.06.21.*
2. *Stord kommune legg til grunn at interkommunale revisjonsselskap (IKS) - fortrinnsvis i Hordaland/Rogaland - vert inviterte til å delta i konkurransen.*

Etter 2004/2005 har det vore lyst ut tre konkurransar:

- Konkurransen for perioden 01.01.06. til medio 2008, med opsjon på 1 + 1 + 1 år. Deloitte AS vann anbodet, og hadde kontrakt til 30.06.11.
- Konkurransen for perioden 01.07.11 til 30.06.15, med opsjon på 2 år. Deloitte AS vann også dette anbodet. Kommunestyret vedtok å nytta opsjonstida, slik at avtalen varte til 30.06.17.
- Konkurransen for perioden 01.07.17. til 30.06.21. KPMG AS vann dette anbodet. Rogaland Revisjon IKS leverte også inn tilbod, men rakk ikkje opp i konkurransen.

3. Ulike revisjonsordningar.

Det går fram av kommunelova § 24-1 Valg av revisor at kommunen kan velgja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret og fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i et interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv revisor.

Vedtak etter første og andre ledd treffes etter innstilling fra kontrollutvalget.»

4. Noverande ordning - privat revisjon.

Dei private revisjonsselskapa som gjev tilbod om revisjonstenester er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Slik sett får ein gode tenester med høg kompetanse innafor eit breidt spekter av oppgåver.

Noverande revisor er som kjent KPMG AS. Ansvarleg revisor for Stord kommune har kontor på Stord, medan ressursar innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i hovudsak er i Bergen. Dei andre private selskapa som gjer seg gjeldande i marknaden er i hovudsak å finna innan avstand frå Haugesund til Bergen.

Ut frå dagens lovverk må kjøp av revisjonstenester for Stord kommune leggjast ut på anbod kvart 4. år. Fram til no har denne konkurransenutsettinga vorte gjort saman med desse andre Sunnhordlandskommunane; Bømlo, Kvinnherad og Fitjar. Denne gongen skal også Vaksdal kommune vera med i konkurransen og det betyr at kostnadane med dette arbeidet kan delast på 5. Dei to siste gongane er det sekretariat for kontrollutvalet som har bistått kontrollutvalet i dette arbeidet og det same er tilfelle med den konkurransen som no skal ut. Til samanlikning frå andre slike oppdrag har dette arbeidet kosta ein einskild kommune omlag kr. 30.000.

Her er noko av det som vert etterspurt når Sunnhordlandskommunane no ber om nytt tilbod på revisjonstenester når det gjeld kva fastprisen skal innehalde:

- a) Årsrekneskap, inkludert eventuelle kommunale føretak
- b) Alle prosjektrekneskapar
- c) Konsolidert rekneskap
- d) Forenkla etterlevingskontroll
- e) Kontroll av finansreglement
- f) Alle attestasjonsoppgåver, mva. komp., statlege tilskot, refusjonskrav, prosjekt, fond, EU prosjekt (både som lead partner og ikkje lead partner) og andre liknande oppgåver. Dette gjeld både interne attestasjonar og attestasjonar frå ekstern tredjepart. Estimert til ca. 25 pr. år for Stord
- g) Rettleiing og bistand til kommunen på inntil 1 time pr henvending
- h) 2 x 2 timars kurs pr år for kontrollutvalet eller andre i kommunen
- i) Møteplikt i alle møter i kontrollutvalet
- j) Naudsynte møter med kommuneadministrasjonen anslagsvis 4 gonger pr. år
- k) Møteplikt i kommunestyret når saker som har tilknytting til REVISOR sitt oppdrag skal handsamast.
- l) Reisetid og reisekostnader

Vidare vert bl.a. dette etterspurd i ein slik konkurranse:

- Korleis dei vil gjennomføre rekneskapsrevisjonen
- Korleis dei vil gjennomføre forvaltningsrevisjon
- Korleis dei vil gjennomføre eigarskapskontroll
- Tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

I tillegg til dette vert det etterspurd ein timepris for å få utført forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte oppdrag.

Dette vert selskapa vurdert på, i utveljing av kven som har det beste tilbodet der det vert lagt vekt på det beste forholdet mellom pris og kvalitet. Det har så langt lete seg greitt gjera å tildela oppdraga til selskap som fyller kvalifikasjonskrava og som leverer ift. tildelingskriteria.

Dette er fullt ut ei tenleg ordning som mange kommunar i Vestland har gode erfaringar med.

I Norge er det mest vanleg med interkommunale revisjonsordningar, medan det i tidlegare Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Den norske Revisorforening si heimeside viser at det pr. i dag er 45 kommunar og ein fylkeskommune som nyttar privat revisjon i Norge. I Vestland fylke har 17 kommunar, samt Vestland fylkeskommune, privat revisjon.

5. Om å tilsetta egne revisorar.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har egne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Vestland er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning, men Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune hadde egne revisorar fram til dei valde å konkurranseutsetta revisjonstenestene sine.

Det står i kommunelova § 24-2:

«Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov.»

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor desse revisjonsformene. Det bør vera breiddekompetanse i revisjonen. Noverande budsjett til revisjonsarbeidet i Stord kommune gjev i beste fall rom for å tilsetta ein revisor. Då vil ein mangla breiddekompetanse og ordninga er kritisk sårbar ved sjukdom og ledigheit i stillinga. Uavhengighet vil og vera eit spørsmål - når det kun er ein revisor som er såpass «tett på» kommunen.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

6. Om interkommunale revisjonsordningar inkludert Rogaland Revisjon IKS

Den tredje revisjonsordninga er interkommunale revisjonsordningar.

Dette er og i utgangspunktet ei tenleg revisjonsordning, men det bør vera eit visst tal tilsette som sikrar breiddekompetanse og leveringsevne, også når det kjem saker på kort varsel som bør utgreiast.

I Vestland er det to slike ordningar igjen. Det er:

Nordhordland revisjon IKS og Indre Hordaland revisjonsdistrikt som er i ferd med å slå seg saman til Vestlandsrevisjon IKS:

- Hovudkontor i Knarvik/Voss
- Her er 7 tilsette
- Dekkar kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Eidfjord, Voss, Ulvik og Ullensvang

Vestland Revisjon KO:

- Hovudkontor i Førde
- Her er 11 tilsette
- Dekkar alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane med unntak av Aurland og Lærdal

I Rogaland er det ei slik ordning. Det er:

Rogaland Revisjon IKS, som kommunestyret har bede kontrollutvalet om å vurdere spesielt:

- Hovudkontor i Stavanger
- Her er 23 tilsette
- Dekkar 14 kommunar i søre Rogaland, inkludert Rogaland fylkeskommune
- Det er vidare gjort vedtak om at 9 kommunar i Haugalandet / Etne / Sveio søker om å bli eigar i selskapet og få sine revisjonstenester utført hjå dei frå 01.07.2021

Sekretariatet har send skriftleg førespurnad (vedlegg 1) til revisjonsdirektør i Rogaland Revisjon IKS, Rune Haukaas, der vi har bede om å få tilsend ein del økonomisk informasjon som kan bidra til at vi kan samanlikna med det som ligg i kontrakten med dagens avtale med privat revisor. I dette ligg det at vi har bede om å få ein estimert totalpris på kva det vil koste Stord kommune pr. år å bruke Rogaland Revisjon IKS, samt kor mange timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester som er lagt inn i denne totalprisen.

Vi har motteke svar frå Rogaland Revisjon IKS (vedlegg 2). I svaret kjem det fram at dei meiner det er vanskeleg å komme med svar på ein estimert totalpris, så det har vi ikkje motteke. Vi har også bede om å få opplyst kva timepris dei nyttar og der svarer dei at deira timepris ligg på, kr. 960,- for eigarkommunar og kr. 1015,- for andre enn eigarkommunar. Vidare har vi bede opplyst om kva Stord kommune kan rekne med å måtte betale i innskot dersom dei skulle velje å gå inn som eigar i selskapet. Her er svaret at Stord kommune truleg vil måtte betale i underkant av

kr. 200 000.

Dersom Stord kommunestyre 17.12.2020 går inn for å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS har vi også utfordra dei på å seie noko om dei trur at dei kan ta over revisjonsansvaret for Stord kommune frå 01.07.2021. På dette svarar dei slik:

«Status for vår del er som nevnt innledningsvis at Rogaland Revisjon IKS er i en prosess om å behandle opptak av 9 nye kommuner. Dette tar noe tid, og våre eiere har signalisert at de vil ha en samkjørt prosess, med én samlet revisjon av avtaleverk m.m som vedtas i kommunestyrene i alle våre eiere.

Dersom det søkes om opptak, er vi noe usikre på om Stord og Fitjar vil rekke denne «opptaksrunden» og dermed holde med den fremdriftsplan som skisseres (Dette beror ikke bare på Rogaland Revisjon IKS).

Det beste for våre eiere vil være dette opptaket samlet med de andre, men ut ifra en praktisk vinkling kan imidlertid være enklere å gjennomføre et opptak med virkning fra og med 1.7.2022.»

Vi tolkar dette svaret slik at det er lite sannsynleg at Rogaland Revisjon IKS eventuelt vil kunne overta revisjonsansvaret for Stord kommune så tidleg som 01.07.2021.

Innleiingsvis i Rogaland Revisjon IKS sitt svar viser dei til presentasjon av selskapet som dei hadde for Haugesund kontrollutvalg (vedlegg 3). Vidare vert det vist til ein vedlagt e-post med innspel til saksframlegg som dei sende Haugaland kontrollutvalgssekretariat i sommar. Dette legg vi ikkje ved då vi meiner det er upassande at ein potensiell revisor kjem med innspel til korleis sak om val av revisjonsordning i ein kommune skal sjå ut.

Vi meiner Rogaland Revisjon IKS kan vera eit godt alternativ til å levere revisjonstenester til Stord kommune reint kompetansemessig.

7. Om økonomi og det å vakta seg for å «ri to hestar».

Korleis ein kjem ut økonomisk, er bl.a. eit resultat av tilbudsprosessar med nokre års mellomrom i ein privat marknad, og betalingsprinsipp samt årlege budsjett i offentleg regi. Stord kommune, som no skal ut i ein konkurranse, må vera varsam ift. mulig skulding for å «ri to hestar» samstundes - altså at ein får pristilbod frå private leverandørar i eit system, samstundes som ein drøftar levering av tenester med eit anna selskap i eit anna system. Konkurransesgrunnlaget skal leggjast ut offentleg i slutten av november med frist for levering av tilbud til 26.01.2021. Vi veit sjølvstakt ikkje kva prisen vil ligge på for ny revisor frå 01.07.2021, men vi veit kva som vil ligge inne i prisen med bakgrunn i eit detaljert konkurransegrunnlag. Det betyr at når leverandør er vald er det forutsigbart kva kostnader kommunen har til revisjon kvart år i 4 år. Vidare har vi god erfaring med konkurransar på dette området, seinast for 4 kommunar våren 2020, så vi har god oversikt over omtrent kor prisane vil ligge. Ved å velgje privat revisjon vil ein også unngå ansvar med pensjonskostnader for tilsette.

Det kan elles opplystast om at det i den konkurransen som skal leggjast ut no vert det lagt opp til ein kontrakt på 1 år med opsjon på 1 + 1 + 1 år for kommunane Stord og Fitjar, medan det er lagt opp til kontraktstid på 4 år utan opsjonstid for dei øvrige 3 kommunane. Det gjer at Stord kommune vert meir fleksibel i høve eventuelt å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS på eit seinare tidspunkt.

Når det gjeld kva det vil koste å gå inn som medeigar i Rogaland Revisjon IKS har vi ikkje motteke nok opplysningar frå selskapet til at vi kan estimere dette. Ved å velgje å gå inn som eigar i selskapet vil kommunen også vera ansvarleg for framtidige pensjonskostnader for dei tilsette i selskapet. Sekretariatet er kjend med frå tidlegare prosessar at dersom kommunen på eit seinare tidspunkt skulle velgje å gå ut av ordninga igjen kan det medfører store kostnader til å betale seg

ut av ansvaret for framtidige pensjonskostnader. Dette er også moment som ein må ta omsyn til i vurderinga.

Sekretariatet meiner at Stord kommune må be Rogaland Revisjon IKS om å få eit estimat på kva det vil koste pr. år før ein kan vurdere å gå inn som eigar i selskapet. Dersom Stord kommunestyre likevel vedtar at dei vil søke om å bli medeigar i Rogaland Revisjon IKS på det grunnlaget som ligg føre no, vil det vera særst usikkert kva revisjonsordninga vil koste pr. år.

Konklusjon

På bakgrunn av at det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Stord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på at ein ikkje går inn for ei slik løysing no.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet foreslår at kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme med eit estimat på kva det totalt vil koste Stord kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.

Fra: Roald Breistein (Roald.Breistein@vlfk.no)

Sendt: 09.11.2020 09:41:00

Til: Rune Haukaas

Kopi: Hogne Haktorson; Helge Inge Johansen

Emne: Revisjonsordning i Stord kommune og Fitjar kommune

Vedlegg:

Kommunestyra i Stord kommune og Fitjar kommune har bede kontrollutvalet om å legge fram sak til kommunestyret i desember 2020 med vurdering om kommunen skal gå inn i Rogaland Revisjon. Det vart gjort slike vedtak:

Stord kommunestyre i sak PS 55/20 i møte 24.09.2020:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Fitjar kommunestyre i sak 64/20 i møte 30.09.20:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Vi skal no førebu sak til kontrollutvala og det er lagt opp til at handsaming skal skje etter slik møteplan:

- Fitjar kommune: Kontrollutvalet 27.11.2020 Kommunestyret 09.12.2020
- Stord kommune: Kontrollutvalet 03.12.2020 Kommunestyret 17.12.2020

Vi ønskjer at saka skal vera så opplyst som mogleg. Dette for å kunne samanlikne dagens situasjon, der begge kommunane har konkurranseutsett revisjonen, med at dei eventuelt skal gå inn i Rogaland Revisjon IKS.

I samband med vår saksførebuing ber vi difor om å få tilsendt slik informasjon:

1. Kva vil estimert totalpris pr. år for kvar av kommunane vera som inkluderer alle desse revisjonstenestene og andre punkt:
 - a. Årsrekneskap, inkludert eventuelle kommunale føretak
 - b. Alle prosjektrekneskapar
 - c. Konsolidert rekneskap

- d. Forenkla etterlevingskontroll
 - e. Kontroll av finansreglement
 - f. Alle attestasjonsoppgåver, mva. komp., statlege tilskot, refusjonskrav, prosjekt, fond, EU prosjekt (både som lead partner og ikkje lead partner) og andre liknande oppgåver. Dette gjeld både interne attestasjonar og attestasjonar frå ekstern tredjepart. Estimert til ca. 10 – 15 pr. år for Fitjar og ca. 25 pr. år for Stord
 - g. Rettleiing og bistand til kommunen på inntil 1 time pr henvending
 - h. 2 x 2 timars kurs pr år for kontrollutvalet eller andre i kommunen
 - i. Møteplikt i alle møter i kontrollutvalet
 - j. Naudsynte møter med kommuneadministrasjonen anslagsvis 4 gonger pr. år
 - k. Møteplikt i kommunestyret når saker som har tilknytting til REVISOR sitt oppdrag skal handsamast.
 - l. Reisetid og reisekostnader
2. Kor mange timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester er lagt inn i denne totalprisen?
 3. Kor mange timar vil gå med til ein normal forvaltningsrevisjon for desse kommunane med eit anslag på +/- 50 timar?
 4. Kva er timeprisen for levering av forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester?
 5. Kva må den enkelte kommune rekne med å betale inn i innskot?
 6. Noverande avtale med ekstern revisor gjeld til 30.06.2021 for begge kommunane. Dersom det vert gjort positive vedtak i kommunestyra i desember:
 - a. Vil det vera realistisk at alle formalitetar er på plass i noverande eigarkommunar slik at Rogaland Revisjon IKS eventuelt kan ta over revisjonsansvaret for Stord og Fitjar frå 01.07.2021?
 - b. Vil det eventuelt også vera mogleg å få dette til frå t.d. frå 1.7.2022?
 7. Frå handsaming av tilsvarande sak i Tysvær kommune 22.09.2020 går det fram av saksframlegget til Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS dette på side 11 (vår utguling):

	Budsjett 2013 (vedtatt av KST)	Budsjett 2018 (vedtatt av KST)	Regnskap 2019	Budsjett 2020 (vedtatt av KST)	Folketall pr 01.01.20	Kostnad pr innbygger 2020
Karmøy	1 026 000	1 060 000	880 404	1 115 000	42.186	26,43
Haugesund	1 020 000	861 000	829 896	837 000	37.357	22,40
Tysvær	400 000	510 000	478 203	535 000	11.065	48,35
Vindafjord	400 000	435 000	416 249	440 000	8.714	50,49
Sveio	300 000	400 000	428 615	421 000	5.766	73,01
Sauda	375 000	410 000	446 293	440 000	4.595	108,32
Etne	365 000	380 000	395 032	404 000	4.062	99,45
Bokn	158 000	180 000	194 405	260 000	852	305,16
Utsira	133 000	206 000	80 453	215 000	198	1085,85
Suldal	592 000	670 000	735 264	855 000	3.804	224,76

Vi ber opplyst om følgjande i høve desse budsjett tala for 2020 for kommunane Haugesund, Tysvær, Sauda og Etne:

- a. Kva revisjonstenester ligg inne i desse beløpa?

- b. Kor mange timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester ligg inne i dette beløpet for kvar av kommunane?

8. Vidare står det dette på side 12 (vår utguling):

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Folketall pr 01.01.20	Kostnad pr innb. 2020
(Nye) Stavanger	4 966 000	5 444 000	6 068 128	6 869 000	143.574	47,85
(Nye)Sandnes	2 400 000	2 774 400	2 890 410	3 907 000	79 537	49,12
Sola	989 000	1 104 000	1 88 304	1 200 000	27 153	44,19
Klepp (konkurr.)	850 000	740 000	795 424	804 000	19 588	41,04
Hå	727 000	816 000	665 040	912 000	18 991	48,02
Time (konkurr.)	593 000	602 000	587 434	800 000	18 916	42,29
Eigersund	746 000	823 000	954 240	917 000	14 811	61,91
Strand	748 000	845 000	800 640	907 200	12 968	69,95
Gjesdal	727 000	811 200	765 000	907 200	12 002	75,58
Randaberg	740 000	825 600	901 680	921 600	11 221	82,13
(Rennesøy)	740 000			-----	Ca 4 900	-
Sokndal	439 000	444 000	521 480	489 600	3.804	128,70
Hjelmeland	595 000	625 000	682 808	691 800	2 574	268,76
Lund	391 000	437 000	462 960	436 800	3 202	136,41
Finnøy	401 000			-----	Ca 3 200	-
Bjerkreim	535 000	403 000	369 840	460 800	2 787	165,33
Forsand	430 000			-----	Ca 1 200	-
Kvitøy	288 000	321 600	302 400	379 200	517	733,46

Vi ber opplyst om følgjande i høve desse budsjett tala for 2020 for kommunane Hå, Eigersund, Sokndal og Lund:

- a. Kva revisjonstenester ligg inne i desse beløpa?
 b. Kor mange timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester ligg inne i dette beløpet for kvar av kommunane?

Vi ber om at desse opplysningane vert send hit **seinast innan 16.11.2020**.

Med helsing

Roald Breistein
seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Christian Jerejian Friestad (christian.jerejian.friestad@rogaland-revisjon.no)

Sendt: 16.11.2020 15:20:46

Til: Roald Breistein

Kopi: Rune Haukaas; Svein Kvalvåg; Tore Kristensen - Revisjonen

Emne: Vedrørende revisjonsordning i Stord og Fitjar kommune

Vedlegg: Presentasjon Haugesund.pdf;Innspill til saksfremlegg.pdf

Hei og takk for henvendelsen.

Vi synes det er veldig kjekt at Stord og Fitjar ønsker å utrede muligheten for å søke eierskap i Rogaland Revisjon IKS.

Vi er nå inne i en pågående prosess hvor 9 kommuner har søkt om å bli eiere. I lys av at vi allerede tar sikte på å ta opp nye eierkommuner som i antall utgjør ca. 20 % av det totale private markedet for kommunal revisjon, må ta en vurdering på om det er hensiktsmessig å ta opp enda flere kommuner allerede høsten 2021. Dette må eventuelt forankres i styret og blant våre eiere.

For å gi utvalgene noe mer informasjon om Rogaland Revisjon IKS, vedlegger vi en presentasjon av selskapet som vi holdt for Haugesund kontrollutvalg, samt en e-post med innspill til saksfremlegget vi sendte til Haugaland kontrollutvalgssekretariat i sommer.

Til spørsmålene i din e-post datert 9. november 2020

1. Totalpris

Som en generell kommentar vil totalpris på tjenestene vi leverer variere og bero på flere faktorer. Det er derfor vanskelig for oss å gå i detalj på underspørsmålene 1. bokstav a-l. Vår timepris er kr 960,- for våre eierkommuner og kr 1015,- for andre enn eierkommunene. Vi arbeider og fakturerer etter medgått tid ihht budsjettrammer som fastsettes av den enkelte kommune. Reisetid fakturerer vi etter medgått tid. Det vil også være naturlig å kreve dekket reisekostnader etter gjeldende satser. I tillegg kommer det normalt timer til rådgivning/særskilt oppfølging som varierer fra kommune til kommune og år til år. Dette kan eksempelvis være mva-relaterte eller regnskapsfaglige spørsmål.

2. Timer til forvaltningsrevisjon m.m

Dette må evt. avgjøres i dialog med kontrollutvalgene.

3. Timeanslag for ordinære forvaltningsrevisjon

Timeforbruk per forvaltningsrevisjonsprosjekt bør vurderes konkret. For å indikere et «normalnivå» vil typisk en timeramme i kommuner med tilsvarende innbyggertall som Fitjar være på ca. 150-200 timer. For en kommune med tilsvarende innbyggertall som Stord, vil nivået typisk være ca. 250 timer. Nivået må tilpasses kontrollutvalgenes budsjettrammer. Vår oppfatning er at det gir best uttelling for kommunene å ha færre og større prosjekter.

4. Timeprisen forvaltningsrevisjon

Vår timepris er kr 960,- for våre eierkommuner og kr 1015,- for andre enn eierkommunene. Denne prisen er uendret fra 2019, og vil også være slik i 2021. Det er påregnelig med en endring i 2022.

5. Innskudd

Ved opptak av Suldal i 2016 ble innskuddet beregnet etter innbyggertall og ble lagt på omtrent det samme nivå som for de opprinnelige eiere. Suldal gikk da inn med kr 50 000. Vi forutsetter at samme prinsipp vil ligge til grunn for innskuddsberegningene. Det vil innebære et innskudd på i underkant av 200 000 for Stord, og omtrent 30-40 000 for Fitjar. Dette er omtrentlige beregninger som kun er ment å indikere hvor nivået kan ligge.

6. Prosess for opptak

Status for vår del er som nevnt innledningsvis at Rogaland Revisjon IKS er i en prosess om å behandle opptak av 9 nye kommuner. Dette tar noe tid, og våre eiere har signalisert at de vil ha en samkjørt prosess, med én samlet revisjon av avtaleverk m.m som vedtas i kommunestyrene i alle våre eiere.

Dersom det søkes om opptak, er vi noe usikre på om Stord og Fitjar vil rekke denne «opptaksrunden» og dermed holde med den fremdriftsplan som skisseres (Dette beror ikke bare på Rogaland Revisjon IKS).

Det beste for våre eiere vil være dette opptaket samlet med de andre, men ut ifra en praktisk vinkling kan imidlertid være enklere å gjennomføre et opptak med virkning fra og med 1.7.2022.

7. Budsjettall fra utvalgte kommuner på Haugalandet

Ettersom vi ikke er revisor for disse kommunene per i dag, har vi ikke oversikt over hva som ligger til grunn for tallene i saksfremstillingen til sekretariatet til de aktuelle kontrollutvalgene. Spørsmål knyttet til saksfremlegget kan nok avklares av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat.

8. Budsjettall for utvalgte av våre eierkommuner

Budsjettallene reflekterer alt vårt arbeid for den enkelte kommune, men det er ikke naturlig for oss å gå nærmere inn på dette for den enkelte kommune i denne sammenheng. Hva som ligger nærmere i disse beløpene vil også variere fra kommune til kommune. En viktig del av vår tilnærming er at vi har en god dialog med eierne – og en del av denne dialogen knytter seg til budsjettene. Vi baserer oss på et lavt generelt kostnadsnivå samtidig som vi søker å bistå våre kommuner slik at vi sammen med dem kan nå vår visjon om å forbedre offentlig sektor.

Med vennlig hilsen



Christian Jerejian Friestad

Rogaland Revisjon IKS

Advokat/MBA - Leder forvaltningsrevisjon

M: 46 76 11 66

Rogaland-revisjon.no

R
B

Rogaland
Revisjon

OM OSS

Rune Haukaas

Revisjonsdirektør

Statsautorisert revisor

/jurist/grunnfag statsvitenskap

22 års erfaring innen revisjon og rådgivning fra kommunal og privat revisjon

Spesialkompetanse:

Styring og kontroll av komplekse virksomheter og variert erfaring fra prosjektrelaterte virksomheter, herunder kompetanse om offentlig sektor og offentlige rammebetingelser.

Christian J. Friestad

Leder forvaltningsrevisjon

Advokat / Executive MBA

10 års erfaring som advokat i ledende advokatfirma, i tillegg mastergrad innen økonomi, ledelse og strategi, samt erfaring fra styrearbeid.

Spesialkompetanse:

Offentlig/kommunal rett, eierskaps-/selskapskontroll.

Svein Kvalvåg

Senior forvaltningsrevisor

Statsviter

20 års erfaring fra forvaltningsrevisjon, evalueringsarbeid, undersøkelser og oppdragsforskning.

Spesialkompetanse:

Skole, barnevern, helse og omsorg, teknisk sektor, omorganisering, måloppnåelse, kvalitet og effektivisering.

Har i flere år vært engasjert som kvalitetskontrollør.

Silje Nygård

Senior forvaltningsrevisor

Barnevern/ledelse

16 års erfaring innen barnevern, 12 av disse som leder, siste 5 som barnevernsleder og leder for psykisk helse barn og unge.

Spesialkompetanse:

Barnevern, barn og unge; tidlig innsats, psykisk helse, samarbeid på tvers.

Fersk kommuneerfaring som leder for «*Norges beste barnevern*» (2017).

Ståle Opedal

Senior forvaltningsrevisor

Statsviter/ Øk. Adm.

28 års erfaring med revisjon, forsknings- og analysearbeid og kommunal virksomhet.

Spesialkompetanse:

Helsetjenester, pleie og omsorg, skole, beredskap, omstilling/reformer.

Kommuneerfaring.



ROGALAND REVISJON IKS

- **Visjon:** «*Vi forbedrer offentlig sektor*»
- Vi utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og rådgivning
- Eid av 14 kommuner og Rogaland fylkeskommune
- 23 ansatte
- Hjemmeside: <https://rogaland-revisjon.no>

SELSKAPETS ANSATTE - KOMPETANSE

- Statsautoriserte revisorer
- Registrerte revisorer / revisorutdannede med kommunal praksis
- Siviløkonomer
- Formell endringsledelseskompetanse
- MBA
- Jurister / advokat
- Statsvitere
- Sykepleier med revisorutdanning
- Sosiolog
- Tidligere barnevernsleder

VÅRE EIERE



Stavanger kommune



Rogaland Fylkeskommune



Sandnes kommune



Sola kommune



Hå kommune



Eigersund kommune



Strand kommune



Randaberg kommune



Gjesdal kommune



Suldal kommune



Sokndal kommune



Lund kommune



Hjelmeland kommune




Bjerkreim kommune



Kvitøy kommune




SAMARBEID MED ANDRE REVISJONSENHETER



Agder, Bærum, Romerike og Viken


- Ca. 50 kommuner (5 storkommuner)
- Ca. 30 forvaltningsrevisorer
- Dybde- og breddekunnskap



HVA TILFØRER VI VÅRE EIERE?

- Revisjonstjenester forankret i en **visjon** om å forbedre offentlig sektor.
- **Spesialistkompetanse** innen kommunal virksomhet og dybdekunnskap om våre eierkommuner (kommuneforståelsen);
- Arbeidsmetodikk som gjennom samarbeid og tett dialog skaper **felles utvikling og læring** for våre eierkommuner.

FORVENTNINGER TIL KOMMUNEN...



TANKER OM KOMMUNENS NØKKELTALL...



2,974 milliarder kr

Totale driftsinntekter



2,895 milliarder kr

Totale driftsutgifter



144 millioner kr

Netto driftsresultat



4,8 %

Driftsresultat i prosent av driftsinntekter



37 250

Antall innbyggere



60 millioner kr

Renteutgifter



71 millioner kr

Avdrag



75,0 %

Gjeldsgrad eks. startlån



2,448 milliarder kr

Lånegjeld



170 millioner kr

Disposisjonsfond



231 millioner kr

Årlige investeringer



60,1 %

Andel lånefinansiering



10 millioner kr

Netto premieavvik inkl AGA



51 949 kr

Netto lånegjeld per innbygger


TEORETISK MULIGHETSROM SAMMENLIGNET MOT ANDRE KOMMUNER (MILL. KR)

Mulighetsrom 36 mill.
- men leverer Sveio
«godt nok»?


	Karmøy	Tysvær	Sveio	Vindafjord	Etne	Bokn	Suldal	Sauda	Utsira	Sandnes
Pleie og omsorg	-69	-118	36	-46	15	-82	-236	-164	-87	-8
Grunnskole	-53	-79	-34	-107	-92	-181	-171	-50	-169	-15
Adm. styring og fellesutgifter	26	-16	-7	-47	-53	-30	-114	-56	-40	-15
Barnehage	29	-22	10	13	-45	-78	-78	22	0	26
Sosiale tjenester	-6	-32	3	24	-44	38	-84	-37	137	-3
Kommunehelse		-24	-6	-24	-18	11	-52	-37	31	7
Barnevern			-11	-77	-38	-4	-56	-53	67	19
Kultur og idrett			15	11	-14	-44	-161	-71	-302	0
Plan, kulturminner, natur			-3	3	-15	-85	-58	-16	-14	-5
Andre områder			-5	4	17	-107	280	300	-272	28
Totalt			-2	-246	-287	-562	-730	-162	-649	34

Ski (2019) har lavere
kostnad og er bedre på
kommunebarometeret
på grunnskole
- potensiale ca 15 mill

TEORETISK MULIGHETSROM SAMMENLIGNET MOT ANDRE KOMMUNER (MILL. KR) PLEIE OG OMSORG



TEORETISK MULIGHETSROM SAMMENLIGNET MOT ANDRE KOMMUNER (MILL. KR) GRUNNSKOLE



Ski (2019) har lavere kostnad og er bedre på kommunebarometeret på grunnskole - potensiale ca 15 mill

HVORDAN JOBBER VI?


OMSTILLING I PLEIE OG OMSORG

Parallele forvaltningsrevisjoner i 5 kommuner i 2019

- **Hvordan forbereder kommunene seg på eldrebølgen?**
 - For at eldre skal kunne bo hjemme
 - For at eldre skal være mest mulig selvhjulpne
- **Arbeidsform i prosjektgjennomføringen:**
 - Ca 150 intervjuer...
 - Sammenligne tiltak og erfaringer
- **Bidrag til læring og forbedring**



HVA MÅLER VI MOT FORVALTNINGSREVISJON?



FAGDAG – PLEIE OG OMSORG

80 deltakere fra våre eierkommuner;

- Presentasjon av funn fra rapportene,
- 3 kommuner delte sine erfaringer,
- Gruppearbeid og paneldebatt ledet av kommunedirektøren i Stavanger

Eierskap gjør det mulig å;


- Samle flere kommuner om felles tema
- Etablere erfarings- og læringsarenaer

FAGDAG 6. DESEMBER 2019


	Program
08:45	<i>Kaffe og lett servering</i>
09:00 – 09:05	<i>Velkommen – plan for dagen</i>
09:05 – 09:35	Nyhetsjørnet <i>Rune Haukaas, revisjonsdirektør, vil orientere om konsekvenser av ny kommunelov for kontrollutvalg, regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Hva betyr endringene for kommunene?</i>
09:35 – 10:00	Nye grep for å forbedre kommunene <i>Christian Jøregian Friestad, leder for forvaltningsrevisjon, vil gi en kort introduksjon til vårt nylig inngåtte samarbeid med fire andre kommunale revisjonsenheter. Han vil reflektere omkring hvordan samarbeid kan bidra til å forbedre offentlig sektor. I tillegg vil vi presentere erfaringer med rådgivningsprosjekter og mulige eksterne finansieringskilder for kommunenes utviklingsarbeid.</i>
10:00 – 10:15	<i>Pause</i>
10:15 – 11:00	Omstilling i helse og omsorg – Kvalitet og effektivisering. Våre erfaringer <i>Målet med kommunenes satsing på hverdagsmestring og hjelp til selvhjelp i pleie og omsorg er å bremse utgiftveksten og skape kvalitativt bedre helse- og omsorgstjenester. I foredraget går forvaltningsrevisorene Svein Kvalvåg og Ståle Opedal nærmere inn på hva som er status for satsingen i utvalgte kommuner. Hvordan har kommunene jobbet med satsingen? Hva er de økonomiske og kvalitetsmessige effektene? Hva har vært de største utfordringene? Og hva kan kommunene lære av hverandre?</i>
11:00 – 11:15	<i>Pause</i>
11:15 – 12:00	Omstilling i helse og omsorg – Kommunenes erfaringer <i>Helge Dragsund, kommunalsjef helse og omsorg i Stavanger, Elisabeth Øverland, rådgiver helse og velferd i Sandnes og Ingeborg Havsv, kommunalsjef helse og omsorg i Eigersund.</i>
12:00 – 12:45	<i>Lunsj</i>
12:45 – 13:30	Gruppearbeid – Hva er de gode måleindikatorene? <i>I et kunnskapsbasert omstillingsarbeid trengs gode måleindikatorer for å måle effekt. I forvaltningsrevisjonene har vi gjort et forsøk på å etablere et sett med måleindikatorer, basert på indikatorer/ nøkkeltall fra ulike kommuner. Dette arbeidet er imidlertid ikke slutført. Hvilke andre indikatorer kan brukes for å måle effektene av satsingen?</i>
13:30 – 13:45	<i>Pause</i>
13:45 – 14:30	Paneldebatt – Er det pågående omstillingsarbeidet tilstrekkelig for å dempe etterspørselen etter helse- og omsorgstjenester? <i>Flere av kommunene ventet økt etterspørsel etter pleie og omsorg. Ikke bare fordi det blir flere eldre, men også fordi stadig flere yngre etterspør disse tjenestene. Et viktig spørsmål er om omstillingsarbeidet som foregår i mange av kommunene er tilstrekkelig for å dempe etterspørselen? Eller trengs det flere tiltak? I hvilken grad har kommunene behov for å justere kursen på noen områder?</i> <i>Paneldebatten ledes av Per Kristian Vareide, kommunedirektør i Stavanger. Panelet består av Knut Underbakke, rådmann i Gjesdal, Jørn Kosmo, assisterende kommunalsjef i Hå, Eli Karin Fasse, direktør for helse og velferd i Stavanger, Ingeborg Havsv, kommunalsjef helse og omsorg i Eigersund og representant fra Sandnes.</i>
14:30	<i>Takk for i dag!</i>

FORNØYDE DELTAKERE PÅ FAGDAGEN VÅR

Var du fornøyd med fagdagen?



Vil du anbefale Rogaland Revisjon å gjennomføre tilsvarende samlinger?




EIERSKAP GIR NYE MULIGHETER

Gjennomføre forvaltningsrevisjoner parallelt og med samme tema

- Hvordan møter Haugesund eldrebølgen?
- Andre aktuelle tema der kommunene kan inngå i et prosjektfelleskap
 - Tidlig innsats
 - Tilpasset opplæring
 - Økonomiske innsparinger
 - Klima
 - Sykefravær
 - Psykisk helse unge
 - Barnevern

Prosentvis økning i andel eldre 67+
(prognose ref.år 2015)




OPPSUMMERING OG VEIEN VIDERE

VI BIDRAR MED...

- Treffsikre revisjonsoppdrag gjennom god kommuneforståelse
 - Vi utfordrer kommunene med å si tydelig fra
 - Vi deler de gode erfaringene med eierkommunene
 - Fremtidsrettet – gjør kommunene bedre


... OG EIERNE ER FORNØYDE

Kundeundersøkelse blant eierkommunene i 2019



PROSESS VED SØKNAD OM OPPTAK

- KU avgir innstilling:
 - Kommunestyret søker om å inngå som eier/deltaker i RR
 - RR/dets eiere tar stilling til søknaden / effektuerer opptaket
 - Eierskapsgruppen er positiv til opptak av Haugesund som eier
- RR har begrenset mulighet til å delta i anbudskonkurranser...



TAKK FOR OPPMERKSOMHETEN

Rune Haukaas

Revisjonsdirektør

Statsautorisert revisor /jurist

M: 952 61 004

rune.haukaas@rogaland-revisjon.no

Christian Jerejian Friestad

Leder forvaltningsrevisjon

Advokat / MBA

M: 467 61 166

christian.jerejian.friestad@rogaland-revisjon.no

VI FORBEDRER OFFENTLIG SEKTOR